



ÅRSMELDING 2017



INNHALD

1.	Innleiing.....	3
2.	Brannordning.....	10
3.	Sjuefråvær.....	11
4.	Folkehelsearbeid 2017	12
	4.1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet.....	12
	4.2 Helsevennleg arbeidsliv.....	13
	4.3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom.....	13
	4.4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø	13
	4.5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar	14
	4.6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid ...	14
	4.7 Velferdsteknologi – Roboten Pepper	15
5.	Eidet omsorgssenter	15
6.	Investeringar	16
7.	Styringskortet	18
	BRUKARPERSPEKTIVET.....	18
	ØKONOMI OG RESSURSAR	21
	ØKONOMIRAPPORT	22
	MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	26
	PROSESS OG FORNYING.....	29
	ANALYSE AV REKNESKAPEN	32

1. Innleiing

Rådmannen legg med dette fram årsmeldinga som del av det samla årsoppgjeret for Haram kommune 2017. Årsmeldinga skal gi ei tilbakemelding på driftsåret, og omtalar hovudtal i den økonomiske drifta og økonomisk utvikling, teneste- og forvaltningsproduksjonen og perspektiv på trekk i samfunnsutviklinga i året som ligg bak oss.

Økonomi

Rekneskapen for 2017 er gjort opp med eit samla overskot på 21,31 mill. kroner. Resultatet kjem i hovudsak som følgje av ekstra inntektsutjamning frå staten, lågare renteutgifter og høgare renteinntekter enn budsjettert, samt betydeleg høgare avkastning på finansformuen enn forventa.

Kommunen har store verdiar plassert i aksje- og obligasjonsmarknaden. Utviklinga i kapital- og finansmarknadene gir store utslag på resultatet i ein kommune som vår. Kommunen fekk ei avkastning på investeringsfondet på 25,1 mill. kroner i 2017.

Skatteinngangen i Haram er redusert siste åra, og låg isolert sett under budsjett, men på grunn av høgare skatteinntekter på landsbasis fekk kommunen auka rammeoverføringar på 26,9 mill. kroner. Skatteinntektene var ekstraordinært høge i 2017 og det er ikkje venta at utviklinga held fram.

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 12,8 mill. kroner til ordinære driftsformål enn lagt opp til i budsjettet. Innan grunnskuleeininga var det eit større meirforbruk som ikkje var varsla. Ein større del av dette er knytt til utgifter til rettighetsbasert tenesteyting. Gjennomføringa av prosjektet Dysleksivenleg skule medførte også utgifter det ikkje var tatt høgde for i budsjettet.

Det er elles i omsorgseininga det største meirforbruket kjem fram, samt i Helseeininga og delar av Familie, barn og integreringseininga. Dette vart varsla i 2.tertialrapport, men det samla overforbruket ligg ein god del høgare enn venta. Desse tunge tenestemråda var under stor omstilling og einingar vart slått saman i 2017. Det tok tid før ein fekk oversikt over fordelinga av den samla økonomien mellom dei nye einingane, og dette forklarar noko av meirforbruk som ikkje var varsla. I tillegg medførte opninga av Eidet omsorgssenter ei omlegging i driftsformer og finansieringsordning for omsorgstilboda som ein ikkje hadde full oversikt over før mot slutten av året. Det vart også oppretthalde tiltak på øyane som ikkje var fullfinansiert i budsjettet i tråd med politisk vedtak. Ein ventar å få betre økonomisk kontroll i 2018 etter at omstillingsperioden er over.

Det er verdt å merke seg at ein stor del av meirforbruket også er knytt til ordninga med ressurskrevjande brukarar og andre rettighetsbaserte tenester kommunen pliktar å yte. Dette er lovfesta rettar med til dels høge kostnader. Det er behov for å ta større høgde for slike utgifter i budsjetta framover, då ein over tid ser at desse utgiftene er aukande.

Kommunen har over fleire år hatt fokus på streng budsjett disiplin og å forbetre rutine for intern budsjettkontroll så langt det let seg gjere. Det er tillegg etablert tiltak for å betre budsjettkontrollen i einingane med størst overforbruk i 2017. Nokre utgifts- og inntekstpostar kjem av ulike årsaker ikkje fram før på slutten av året, og er av den grunn vanskeleg å kontrollere.

Kommunen har arbeidd med omstilling over fleire år. Det kan no sjå ut som det vert meir og meir utfordrande for einingane å ta dei reelle kutt i driftsnivå. 2017 vart i tillegg eit krevjande og uforutsigbart driftsår fordi kommunen vart involvert i ein kommunesamanslåingsprosess som følgje av tvangsvedtak i Stortinget. Budsjettet for 2017 vart lagt med utgangspunkt i at kommunen framleis skulle fortsette som eigen kommune og føresetnadene for budsjettet var basert på ein klar plan om omstilling og nedbemanning i samsvar med politiske vedtak. Omstillingsplanen vart vedtatt på bakgrunn av at kommunens samla driftsutgifter måtte

reduserast over tid og for å tilpasse seg til strammare driftsrammer i økonomiplanperioden. Kommunestyret ønska ikkje å innføre eigedomsskatt. I praksis vart det ikkje muleg å kombinere drastiske omstillings- og nedbemanningsplanar med at kommunen også vart dratt inn i ein samanslåingsprosess som allereie var godt i gang i nabokommunane. Kommunestyret vart orientert gjennom året om at omstillingsplanen ikkje har vore muleg å følgje opp i tråd med intensjonen.

Kommunen har vore gjennom ein prosess med økonomisk omstilling sidan 2010. Den budsjetterte bruken av finansmidlar til driftsformål er sterkt redusert som følgje av prosessen. Kostra- tala viser at kommunen i større grad enn tidlegare har ein driftssituasjon som nærmar seg gjennomsnittet i Kostra- gruppa. Det største unntaket er framleis skuledrifta som ligg høgt når ein tar omsyn til at 10% av elevane går i privat skule.

Det er likevel verd å merke seg at kommunen framleis er avhengig av høg avkastning på kapitalformuen for å balansere budsjettet, og bruk av avkastning og fond er med å balansere budsjetta både i 2017 og også i økonomiplanperioden fram mot 2020. Resultatet for 2017 gir mulegheit til auka avsetning til disposisjonsfondet, men dette er framleis ikkje robust nok til å tåle særlege svingingar i finansmarknaden frå år til år. Driftsutfordringane vil heller ikkje bli enklare fram mot kommunesamanslåinga i 2020. Ein må vere budd på ein krevjande driftssituasjon både i 2018 og 2019, då fleire av tenestemråda framleis venteleg vil ha høgare driftsutgifter enn inntektene skulle tilsei om ein skal oppretthalde dagens tenestenivå fram til samanslåing.

Utviklinga i netto driftsresultatet syner at kommuneøkonomien er meir bærekraftig enn dei to forgåande åra og tilbake på nivå før 2015. Resultatet for 2017 vart langt betre enn budsjettert, grunna høgare inntekter, men om lag som forventa då kommunen bruker forsiktigheitsprinsippet i budsjettering av sine inntekter. Over tid bør netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter. Utviklinga siste åra viser stor variasjon og skuldast både at kommunens inntekter i form av rammeoverføringar har gått monaleg ned år for år, og at kommunens finansinntekter varierer: Resultata siste åra er som følgjer: 2012 (3,12%), 2013 (5,55%), 2014 (2,08%), 2015 (0,29%), 2016 (0,16%), 2017 (1,92%)

Kommunen, med si relativt høge lånegjeld, er også eksponert for store utslag når rentevilkåra endrar seg på våre lån. Samla lånegjeld utgjer kr 1047,5 mill. kroner, men størsteparten er i mindre grad utsett for egen renterisiko (sjå eigen figur i analysedelen). Ein ventar også på eit større tilskot på over 100 mill. kroner som vil redusere den samla gjelda. Netto renteutgifter vart lågare enn budsjettert grunna høgare renteinntekter på likviditet enn budsjettert, samt slakkare renteutvikling på låna. Kommunen har rentesikringstiltak i samsvar med gjeldande finansreglement, for å redusere eksponeringa forhaldsmessig. Kommunen har nokre store investeringar under planlegging, og som er innarbeidd i økonomiplanen. Nye investeringsprosjekt bør sjåast i samanheng med mulegheit for betre og meir effektiv drift.

Det var knytt usikkerheit til skatteinngangen i 2017. Noko sviktande skatteinngang lokalt vart kompensert gjennom utjamningsordninga og utviklinga på landsbasis vart mykje betre enn både STB og RNB anslo. Det var framleis stor usikkerheit knytt til arbeidsløysa i 2017, spesielt i vår region, men denne gjekk ned mot slutten av året, og det er aukande optimisme og betre utsikter for næringslivet i 2018 også for vår del av landet.

Tenesteproduksjon og tenesteutvikling

Kommunen opprettheldt tenestene om lag som tidlegare år også i 2017. Som KOSTRA-analysen frå 2016 viste var utgifter til tenesteproduksjon prioritert høgare enn inntektsgrunnlaget skulle tilsei. Det har vore politisk vilje til dette over tid. Likevel vart det i budsjettbehandlinga for 2017 vedtatt å gjennomføre omstillingar og effektiviseringsstiltak som ville kunne medføre nedbemanning og lågare kvalitet i tenestene. Målet har likevel vore å oppretthalde eit kvalitativt «godt nok» tilbod ut frå lovmessige krav.

Analysen frå 2016 viste at alle område som er finansiert over inntektssystemet hadde høgare lokalt prioritert ressursbruk enn utgiftsbehovet og dei frie inntektene skulle tilseie, med unntak av barnevern. Aller høgst prioritert var grunnskulen, men også barnehage og dels kommunehelse låg høgt. Pleie- og omsorgssektoren og sosialtenestene hadde lågast prioritert ressursbruk i følgje oversikta. For 2017 vart det foreslått å sjå særskilt på mulegheiter for å omstille i skule-, barnehage og helsesektoren.

Framdrifta i omstillingsprosessen vart endra som følgje av kommunereforma, og det har ikkje vore muleg å oppnå resultat i eit tempo som reduserte utgiftene som føresett i 2017. Endringar tek tid, og i tillegg kjem det nye brukarar og sentrale normkrav, krav til kompetanse, fleire brukarrettar i oppgåveløysinga og dokumentasjonskrav som krev ekstra ressursar. Eit større kommunalt ansvar innan rus- og psykiatritenesta påverkar ressursbruken, og vedtak som kan føre til meir effektiv drift som følgje av strukturendringar i sektoren er krevjande prosessar. I tillegg virka nye vedtak i kommunereformprosessen inn på omstillingsarbeidet i 2017.

Kommunen har vore i stand til å levere det meste av lovpålagde basistjenester i eigen regi også etter at nye reformer har tredd i kraft. Kommunen opprettheldt inngått vertskommunesamarbeid med Ålesund innan kommunehelseområdet, interkommunalt brannvern og landbruksforvaltning, samt at det nye lovpålagde ØDH-tilbodet vart starta opp i 2017. Avdelinga er samlokalisert med den interkommunale legevakta i Ålesund.

Innan omsorgstjenestene var opninga av Eidet omsorgssenter ei stor omstilling som endra kvardagen for mange brukarar og tilsette med nye lokalitetar og aktivitetar. Omlegginga frå fleire mindre bu- og institusjonstilbod til samling i eit moderne senter er eit framtidretta grep som ein reknar med vil gi både økonomisk og kvalitetsmessig gevinst etter innkøyringsperioden. Ombygging av Haram kvileheim starta opp i tråd med politiske vedtak, men ikkje fullført før våren 2018. Med dette har kommunen god dekning av døgnbemanna omsorgstilbod med god og moderne bygningsmessig standard. Frå 2017 vart også dei to omsorgseiningane slått saman til ei eining med felles administrativ leiing. Det er framleis behov for fleire bustader til menneske med ulike behov. Dette er det planlagt å arbeide med i 2018 gjennom oppdatering av boligsosial handlingsplan.

Kommunen avvikla i 2017 det som tidlegare var sosialeininga. Tenestene vart samordna med andre tenester fordelt mellom dei gamle einingane Helsetenester og Tiltakstenester for barn og unge. Målet var ei tettare integrering og synergjar mellom tenester som stod kvarandre nær, og for å tilpasse seg nyare sentrale føringar for desse tenesteområda. Omorganiseringa medførte mellom anna ei nærare tilknytning mellom Rus- og psykiatritenesta i tråd med ROP-prosjektet kommunen var ein del av. Flyktningearbeidet vart organisert i eit tettare samarbeid både andre barn- og familieretta tenester, og med ei sterkare integrering og meir systematisk samordning mot vaksenopplæringa og NAV-systemet. Endringane er gjort med utgangspunkt i eit mål om ei best muleg brukerretta organisering der kommunens tenester vert organisert rundt brukeren sitt behov. Dette er i samsvar med kommunens visjon og overordna målsetting i styringskortet. Ein må arbeide vidare i 2018 med å fullføre omorganiseringa internt i einingane for å få best muleg resultat av endringane. Det er også behov for å oppdatere og styrke arbeidet med internkontroll og system for dokumentasjon for betre styring. Dette arbeidet vert vidareført i 2018. Til grunn legg ein mellom anna eit arbeid som kommunen starta i 2017 gjennom deltaking i KS nettverket om kvalitetsstyring i rus- og psykiatritenestene.

Innan skule og barnehage vart det arbeid med ny og framtidretta skulestruktur i regi av ein politisk ad-hoc komite. Arbeidet skulle ligge til grunn for oppfølging av vedtak om ny skule på Eidet, og prinsippvedtak for framtidig planlegging av skule- og barnehageutvikling. Arbeidet vart lagt fram før jul, der det vart vedtatt felles barneskuleutbygging på Eidet og framleis tre ungdomsskulekrinsar i kommunen. Reguleringsplan for ny felles barneskule er under arbeid, og planlegging av ny skule startar opp i 2018. Ad-hoc utvalet sitt arbeid resulterte også i fleire nye utgreiningar som er tenkt gjennomført i 2018. Det gjeld mellom anna framtidig organisering av tenestene på øyane med Nordøyvegen.

Kommunen gjorde seg nytte av dei særskilde vedlikehaldsmidlane som vart tildelt kommunen til ekstraordinære vedlikehaldsoppgåver som ikkje låg i budsjettet. Den gamle sjukeheimen som er nytta til legekontor og andre brukarretta tenester fekk ei utvendig ansiktsløftning som følgje av dette.

Behovet for nye lokale til legekontor og administrative funksjonar har vore stort over lang tid. Ikkje minst har det vore behov for å samle dei administrative funksjonane som framleis er fordelt på fleire bygg slik at ein kunne samordne tenestene og bygge ein sterkare felles kultur. Arbeidet med det nye tenestehuset som skulle ivareta dette fekk ein stopp i 2016 då tildelinga vart innklaga til KOFA og kommunen før jul vart innstevna for retten for val av tilbydar. Våren 2017 valde formannskapet å inngå rettsforlik og arbeidet kom i gang igjen. Det vart inngått leigecontrakt og det er planlagt innflytting i nye lokale sommaren 2018. Planlegging av bruken og fordeling av interne funksjonar vil bli kunne bli påverka av nye vedtak i kommunereforma som pågår i 2018, og ein vil måtte pårekne at nokre endringar kan kome som følgje av dette.

Den digitale endringsprosessen for å effektivisere og automatisere tenester er i gang, men også dette må gjerast over tid både lokalt og gjennom endring i sentrale føresetnader. Kommunen innførte nye ordningar i 2017 som ein reknar med å sjå effekt av frå 2018 og framover, m.a gjennom meir bruk av digitale skjema og Svar-Ut ordninga. Vidare arbeid på dette området blir så langt muleg samordna med dei andre kommunane som skal danne ny kommune.

Arbeidet med arealplanen vart ikkje klar til behandling i 2017. Arbeidet er omfattande, og vil pågå for fullt i 2018. Det er lagt opp til å ha eit planutkast klar til høyring hausten 2018. Utvalet for plansaker vert i 2018 tettarte kobla på prosessen gjennom eigne temamøte.

Organisasjons- og medarbeiderutvikling

Gode og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å levere gode tenester til innbyggjarane. Løn utgjør dei største kommunale utgiftene, og ein god personalpolitikk og medarbeidarar som trivest på jobb er ei god investering. Kommunen har klart å rekruttere kompetente medarbeidarar på dei fleste område. Kommunen har også satsa på kompetansehevande tiltak både internt og gjennom deltaking nasjonale program og prosjekt. Kommunen nyttar tiltak som er vedtatt i lønspolitisk plan. Likevel merkast konkurransen med å rekruttere fagpersonell i helse- og omsorgssektoren. Ein måtte nyttiggjere vikarbyrå også i 2017 for å dekke behovet for sjukepleiarar, og ein måtte ta i bruk ekstra tiltak for å rekruttere lege. Det er forventa at ein må sjå på driftsformene for å rekruttere nye fastlegar i lys av den utfordringa som er løfta sentralt på dette feltet. Også innan læraryrket ventar ein større rekrutteringsutfordringar framover, då det er eit generasjonsskifte på gang.

Regjeringa har sett i gang satsinga "Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen". Målet er å skape ein skule der elevane lærer meir. Målet er fagleg sterke lærarar, ei attraktiv lærarutdanning av høg kvalitet, læring og fleire karriereveggar for lærarar. I budsjettet valte kommunestyret å stryke bevilging av nye midlar til vidareutdanning av lærarar i 2017. Det førte til at ingen nye lærarar fikk starte på vidareutdanning hausten 2017. 7 lærarar var halvegs i si utdanning og einingsleiar valte å la desse få fullføre utdanninga si.

Regjeringa foreslår i "Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen» ei lovfesta plikt for skulane til å gi intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. I Haram vart innsatsen styrka på 1.-4. trinn med 4 ekstra lærarstillingar hausten 2017.

I 2017 vart ordninga med seniortiltak avvikla som eit ledd i innsparingstiltaka. Ein venta ein kortsiktig negativ verknad av at ordninga vart omlagt, men det ga ikkje store utslag. Ordninga var ikkje mykje i bruk tidlegare. Det har vore ein del skifte i leiarstillingar både på toppleiarnivå og i mellomleiarstillet dei siste åra mellom anna som følgje av at oppnådd pensjonsalder. Det har lukkast å rekruttere kvalifisert personell også her, men ein ser at søkerlistene ikkje er lange og det vil vere behov for kompetanseheving også på leiarnivå for å

kunne utvikle organisasjonen og tenestene framover. Budsjettet i 2017 hadde ikkje rom for større kommunale kompetansesatsingar.

I tida som kjem vil det det vere naturleg å samordne eventuelle kompetanseløft med etablering av ny kommune.

Politiske vedtak om å arbeide for eit redusert sjukefråvær vart starta og held fram med auka trykk i 2018. Dette er omtala i eige kapittel. Sjukefråværet gjekk ned litt frå året før, men resultatet på 7,8% ligg framleis over målsettinga.

Elles vart delar av organisasjonen trekt inn i arbeidet med kommunereforma særleg frå hausten 2017. Dette gjeld særleg på rådmannsnivå og administrative nøkkelfunksjonar, samt innan tekniske område. Dette vil merkast med auka styrke i 2018 også innan andre delar av organisasjonen og på tenestenivå ettersom ein skal ta del i oppbygging av ny kommune og felles funksjonar. Det er nødvendig å redusere ambisjonane om kva kommunen skal kunne arbeide med i eigen regi som følgje av dette.

Samfunn

Kommunens samfunnsretta engasjement er hovudsakleg forankra i kommunens strategiske kommuneplan med oppfølgande aktivitetar, interkommunalt samarbeid og prosjekt, samarbeid gjennom Haram Næring og Innovasjonsforum og frivillig sektor. Kommunen ønskjer å vere ein god samarbeidspart for andre samfunnsaktørar og legge til rette for næringsutvikling og busetting.

Kommunen har eit sterkt engasjement for samferdsel, og 2017 vart ein milepæl i så måte. Føresetnaden for utbygging av Nordøyvegen vart vedteken i Stortinget juni 2017 etter meir enn 40 års arbeid. Veggen er fylkeskommunal, men driven fram av lokalt engasjement. Arbeidet kom i gang allereie same haust, og hovudanboda vert behandla før sommaren 2018. Veggen er venta stå ferdig i 2023. Ein må allereie no førebu samfunnet på øyane for ei ny tid og legge til rette for samfunnsutvikling og tenestestrukturar som gir berekraft for framtida. Eit tett samarbeid med Sandøy-samfunnet bør også inngå her.

Samarbeidet mellom sju kommunar i prosjektet Region Ålesund heldt fram i 2017. Det statlege byregionprogrammet som var utgangspunkt for prosjektet vert avslutta i 2018. Ein må då ta stilling til vidare drift av prosjektet og om vidareføring av tiltak som er sett i gang. I 2017 vart det etablert eit eige aksjeselskap for The North West-festivalen, og planlegging av første arrangement våren 2018 var ei av hovudsatsingane. Det vart også arbeidd med å førebu ein felles klima-, areal- og transportplan som er venta starta opp i 2018. Begge desse satsingane er mellom tiltak som er forventa vidareført etter prosjektperioden.

Folketalsauken heldt fram også i 2017 med ein vekst frå året før. Folketalet var 9345 ved utgangen av året, ein auke med 33 personar frå året før. Det er gledeleg at kommunen no har ein god kjønnsbalanse i gruppa unge vaksne. I aldersgruppa 30-39 år var det i 2017 95,7 kvinner pr 100 menn. Dette ligg godt over snittet i fylket på 90,7 kvinner pr 100 menn, og dei andre kommunane som skal danne felles kommune inkludert Ålesund. Kommunen har framleis ei utfordring med å legge til rette for nye attraktive bustadområde. I praksis har kommunen rikeleg med tilrettelagt utbyggingsareal, men ikkje alle stader viser seg å ha regional konkurransekraft. Det er framleis etterspurnad etter nye bustadområde i Tennfjord, og det har vist seg ei viss interesse for fleire sentrumsnære bustader i Brattvåg. Arealdelen av kommuneplanen har attraktive bustadområde som eit sentralt tema.

Kommunen, som vertskap for eit stadig meir globalisert næringsliv, har fått merke verknaden av utfordringane i dei maritime næringane også i 2017. Med ein sysselsettingsgrad på om lag 50% i sekundærnæringane, og mange av desse i konkurranseutsette næringar, vert lokalsamfunnet fort ramma når utviklinga i den globale økonomien endrar seg. Utsiktene i næringslivet betra seg i løpet av 2017 og optimismen er på veg tilbake ved starten av 2018. Det er framleis meir enn 2000 arbeidsplassar i desse næringane. Ein bør likevel merke seg

at Haram siste åra er mellom kommunane med aller lågast sysselsettingsvekst i fylket. Dette skuldast nok særleg tilpassingar i industrien som følgje av ein strammare marknad. Samstundes vil nedskaleringa i dei verdiskapande næringar generere mindre vekst i andre bransjar. Arbeidslivet er også klart kjønnsdelt og kommunen er avhengig av ein velfungerande og dynamisk bu- og arbeidsmarknadsejion. Det er framleis stor inn- og utpendling mellom Haram og nabokommunane, særleg til og frå Ålesund.

Utfordringane i maritim sektor ga høg arbeidsløyse også i 2017, men vart redusert i løpet av året og var ved utgangen på 3,3%. Reduksjonen held fram i 2018 og ligg etter dei første månadene under 3%. NAV Haram og Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) arbeidde i samarbeid med bedrifter om felles tiltak. Kommunen arbeidde i nært samarbeid med NAV om ordningar for å halde sosialstønadsutbetalingar lågast muleg for dei med slik rett. Sjølv om utbetalinga i 2017 vart noko høgare enn budsjettet, ser ein likevel at ein på rett veg.

Kommunen må framleis ha høgt fokus på å legge til rette for det verdiskapande næringslivet. Det formelle samarbeidet mellom kommune og næringsliv skjer gjennom deltaking i Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI). Kommunestyret gjorde i 2017 vedtak om vidare stønad til arbeidet. Med garantien frå kommunen i ein ny femårsperiode vil ein saman med næringslivet framleis kunne satse på å utvikle partnerskapet og arbeide fram gode felles satsingsområde med eit lengre perspektiv.

HNI har oppfølging av gründerar gjennom Hoppid.no, og Haram fornya partnerskapsavtalen med fylkeskommunen for ein ny periode, og samarbeidet med Ålesund Kunnskapspark held fram. Haramskonferansen vart avvikla med suksess også i 2017 og samla fullt hus med høgt fagleg nivå og relevante tema med mellom anna statsministeren som innleiar. Konferansen er blitt eit fast årleg arrangement og ein god merkevare for Haram.

Kommunen er ei av dei større landbrukskommunane i fylket. Landbruket utgjer no 3% av sysselsettinga og har knapt 130 sysselsette. Gardbrukarar i kommunen held fram med å markere seg som gode ambassadørar for næringa med kvalitativt gode produkt. Kommunen opplever etterspurnad etter frådelling av tomter på landbruksareal og i nokre delar av kommunen press mot nedbygging av jordbruksareal. Fast utval for plansaker vert engasjert i ein del av sakene etter at delegasjonsreglementet vart endra i 2016. Å avklare arealbruksinteresser i landbruksområda er også ein vesentleg del av det overordna arealplanarbeidet. Kommunestyret har bedt om ei sak om driveplikt i kommunen, og denne er planlagt lagt fram i 2018.

Likestilling

Som i kommunesektoren elles har Haram kommune ei stor overvekt kvinnelege medarbeidarar. Arbeidsstokken er fordelt med om lag 85 % kvinner og 15 % menn. Fordelinga har vore nokså stabil over år. Mellomleiarstjiktet speglar nokolunde den samla fordelinga, medan einingsleiargruppa (leiargruppa til rådmannen) har 50/50 fordeling mellom kvinner og menn.

Kommunen har som mål at den best kvalifiserte skal tilsettast i ledige stillingar og at alle skal behandlast likt på arbeidsplassen i samsvar med formåla i likestillings- og diskrimineringslova. Kommunen har egne etiske retningslinjer som set premisser for utøving av mynde og tenester både for folkevalde og tilsette. Som ledd i internkontrollen har Haram kommune også eit kvalitetssystem som både ivaretek dei reglar og retningslinjer som er gjeldande i kommunen samt rapportering av avvik frå desse. Kommunen har gjennom sine rutiner både knytt til økonomihandsaming, tilsetting, personalsaker og brukarrettar tenester eit system der det vert utøvd kontroll via fleire ledd. Det vert også gjennomført internkontroll knytt til HMS og ulike fagtenester. Det har i 2017 vore gjennomført medarbeidarundersøking innan omsorgseininga. I 2018 er det planlagt medarbeiderundersøking i utval einingar.

Kommunen har også tilbydd språkopplæring for tilsette gjennom egne prosjekt innan omsorgstenestene og reinhaldstenestene. Dette er tenester med mange utanlandske medarbeidarar. I 2017 deltok kommunen i prosjektet Menn i Helse og vil frå hausten 2018 ha 4-5 deltakarar som lærling/praksisplass i kommunen. Elles

er det naturleg at eventuelle nye ekstraordinære tiltak framover blir samordna med kommunane som skal slåast saman.

Kommunereform

I juni 2016 gjorde kommunen endeleg vedtak om å halde fram som eiga kommune etter ein grundig prosess som starta i 2014. Kommuneorganisasjonen innstilte seg etter det på å utvikle kommunen som samfunn og tenesteleverandør i eigen regi, og ein starta ein prosess med tanke på dette inn mot budsjettprosessen for 2017. Hausten 2016 innstilte Fylkesmannen i Møre og Romsdal på at kommunen burde inngå i ein større kommune. Regjeringa la fram innstilling til Stortinget om at kommunen skulle danne ny kommune saman med kommunane Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund i april 2017 og 8.juni 2017 vart det fatta historisk vedtak om å slå kommunen saman med dei andre med tvang frå 2020. Vedtaket vart fatta med 86 mot 83 stemmer. Dei andre kommunane var allereie godt i gang med ein frivilleg samanslåingsprosess, og kommunen valte å gå aktivt med i førebuingane allereie før endeleg vedtak var gjort for ikkje å misse tid og posisjon i den vidare prosessen. Dei fem kommunestyra var samla til felles kommunestyremøte på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund 23. juni i regi av Fylkesmannen. Det historiske møtet som samla 133 representantar frå dei fem kommunestyra var starten på den formelle prosessen som skal føre fram til Nye Ålesund kommune frå 2020.

Som følgje av dei nye vedtaka i kommunereformarbeidet måtte målsettingar, planar og prosessar for Haram endrast, og 2017 vart eit år med store omskiiftingar og endring av fokus i forhold det som var føresett. Dette prega både det politiske arbeidet, framdrift og fokus i administrasjonen og organisasjonen for øvrig, samt i befolkninga elles der også meiningane var delte om det som skjedde. Ein klarte likevel å samle seg om dei nye oppgåvene, og både politisk og administrativt gjekk ein inn i arbeidet som krevdes etter beste evne. Å danne ein ny kommune av fem eksisterande kommunar er ein omfattande prosess.

Kommunereformprosessen krev stor innsats frå alle partar, og ein merka allereie i 2017 og tidleg i 2018 at arbeidet stel ressursar frå andre oppgåver og aktivitetar i kommunen. I tida fram til den nye kommunen ser dagens lys 1.1 2020 må ein vere innstilt på at dette vil ta ein stor del av merksemd og ressursar. Målet må likevel vere å halde kommunen gåande og levere tenester på eit tilfredstillande nivå dei to åra kommunen har igjen å eksistere. Ein må rekne med at det vil krevje ein del ekstra ressursar å få dette til i overgangsfasen.

Brattvåg 15.mai 2018

Turid Hanken
rådmann

2. Brannordning

Haram kommune inngjekk i 2016 avtale med Ålesund kommune ved brannvesenet om brann- og redningstenester. Avtalen er eit vertskommunesamarbeid der Haram kommune sitt mynde etter brannvernlovgivninga er overført til Ålesund kommune. Haram kommune har også tidlegare hatt avtale med Ålesund kommune knytt til brannvern, men då avgrensa til brannforebyggande arbeid og feiing, og utan at kommunen sitt mynde vart overført.



Arbeidet med gjennomføring av grunnkurs for brannkonstablane i kommunen starta opp i 2016, og er vidareført i 2017. Dette året er det 18 nye brannkonstablar som har gjennomført opplæringa. Til saman har over halvparten av brannmannskapa no gjennomført grunnutdanning for deltidsmannskap.

I 2017 vart det totalt 72 utrykninger for Haram Brannvern. Det har og vore utført mange øvelser for redning og slokking både på land og på sjø .

Det er igangsett eit prosjekt innanfor e-læring. Dette er eit stort og omfattande prosjekt som ikkje er ferdig, men som går framover. Målet er å bygge opp ein god kunnskapsbank for alle mannskap. Dette vil vere ein bank alle kan få tilgang til uansett kor ein er, ved bruk av alle typar enheter. Vidare vil e-læringa kunne nyttast til opplæring av nyttilsette, til implementering av nytt utstyr, eller andre formål der det er behov for å kvalitetssikre informasjon, og sikre at informasjonen har nådd ut til alle.

Haram kommune er ei kystnær kommune, og behovet for kompetanse innanfor overflateredning er ein viktig del av beredskapen. Ein person frå kommunen har i samband med det store brannløftet deltatt på overflateredningskurs på Åndalsnes. Kurset gjekk over to dagar og ga eit godt innblikk i arbeidet som skal gjerast i vatn ved redning av personar. Planen er at det no skal gjennomførast opplæring av personell på dei einskilde stasjonane, slik at overflateredningskompetansen vert auka hos alt innsatsmannskap.

2017 har vore eit år med mykje publikumsretta arbeid. Målet med arbeidet har vore å sette fokus på brannforebyggande tiltak heime.

Alle barnehagane i Haram fekk i 2017 besøk av brannbamsen **Bjørnis**. Bjørnis har blitt eit viktig verktøy for brannvesenet som kommunikasjonsplattform i møte med barn. Barnehagane fekk utdelt sekk, ein mini-Bjørnis og litt informasjon om brannsikring. Intensjonen er at alle som går sisteåret på barnehagen, skal på tur ha med seg brannbamsen og litt informasjon heim. Heime kan dei saman med føresette sjå på brannsikkerheita.

Alle som går i 6. og 7. klasse fekk i 2017 besøk av brannvesenet si forebyggande avdeling. Dei fekk vere med på teori og praksis. På den praktiske delen fekk alle lov til å slokke med handslokker. Dette gir elevane ei god mestringsføling og forståing for korleis ein handslokker fungerer.



Det er og blitt gjennomført ei komfyrvaktkampanje. I samband med det store brannløftet fekk alle påmeldte kommunar til denne kampanja utdelt ei komfyrvakt som skulle giast til nokon som hadde behov for det. Denne vart gitt til ein småbarnsfamilie i Haram.

Kommunen har rundt 60 objekt som skal ha tilsyn som særskilde brannobjekt. Tilsynsobjekta er delt i tre kategoriar, med ulike intervall for tilsyn. Kvart år, annakvart år eller tredjekvart år. Tilsyna er utført etter oppsett plan.



I 2017 er det gjort innkjøp av to køyretøy. I tillegg til ein tankbil er det kjøpt inn ein ny «fremskutt enhet»/kommandobil. Dette køyretøyet har essensielt verktøy for å kunne gjere ein tidleg forskjell på skadestaden. Av anna utstyr kan nemnast innkjøp av varmekamera, løfteputer og komplettering av overflateutstyr.

For å nå kravet i gjeldande brannordning er det tilsett 10 nye brannkonstablar i 2017. Det er no relativt lett å rekruttere til brannkorpset og det er gode haldningar og god kompetanse i korpset.

3. Sjukefråvær

Haram kommune har som målsetting at sjukefråværet gjennom året skal vere på 7% eller lågare. 2017 viste ein fråværsprosent på 7,8 %, noko som er ein svak nedgang frå 2016 på 0,2 %. Prosenten er utrekna med bakgrunn i alle som var inne på fast månadslønn ved årsskiftet 2017/2018. Sjukefråværet har gått litt opp og ned siste åra, men med ein topp i 2009

2003	7,28 %	2010	7,53 %
2004	6,12 %	2011	7,50 %
2005	6,15 %	2012	7,20 %
2006	7,46 %	2013	6,40 %
2007	7,64 %	2014	7,30 %
2008	8,10 %	2015	7,80 %
2009	8,22 %	2016	8,00 %
		2017	7,80 %

Fordelt etter kategori/lengde/kjønn utgjør sjukefråværet:

	2017	2016
Eigenmeldt sjukefråvær 1-24 dagar:	1,0%	1,1%
Legemeldt sjukefråvær under 16 dagar:	0,9%	0,9%
Legemeldt sjukefråvær over 16 dagar:	5,9%	6,0%
Kvinner:	8,5%	8,4%
Menn:	4,0%	5,7%

Sjukefråværet varierer frå eining til eining. I 2017 / (2016) fordelte sjukefråværet seg slik:

EINING	1.kvartal 2017 (16)	2.kvartal 2017 (16)	3.kvartal 2017 (16)	4.kvartal 2017 (16)	Heile 2017 (16)
Stab/støtte	4,8 (3,7) %	6,4 (1,6)%	5,1 (1,0) %	3,6 (3,4)%	5,4 %
Grunnskuletenester	8,9 (6,2)%	5,0 (4,1)%	2,8 (2,8)%	6,0 (6,0)%	5,1 %
Barnehagetenester	11,9 (11,3) %	12,1 (8,3)%	7,6 (4,2)%	11,5 (7,4)%	9,5 %
Tiltakstenester barn og unge	5,5 (11,0) %	6,2 (12,9)%	4,3 (2,3)%	4,8 (11,6)%	5,2 %
Helsetenester	7,0 (12,8) %	4,3 (13,6)%	4,7 (7,9)%	7,6 (9,4)%	6,1 %
Omsorgstenester (ytre)	15,5 (10,4) %	14,0 (12,7)%	10,7 (9,1)%	9,8 (12,9)%	11,4 %
Indre omsorgsdistrikt	.(12,5)%	.(13,9)%	.(11,4)%	.(14,3)%	
Sosiale tenester	.(5,2)%	.(7,8)%	.(2,3)%	.(4,6)%	
Byggsak-landbruk og arealforvaltning	13,2 (1,9) %	11,9 (2,1)%	8,7 (5,1)%	1,4 (10,1)%	7,9 %
Eigedom og teknisk drift	8,9 (12,2) %	9,8 (10,1)%	6,5 (5,8)%	8,3 (10,3)%	7,9 %
Kultur-fritid og miljø	16,6 (0,9) %	7,0 (4,2)%	4,3 (7,8)%	0,4 (21,9)%	4,6 %
SAMLA HEILE KOMMUNEN:	10,7 (9,0) %	9,1 (8,7)%	6,4 (5,5)%	7,7 (9,1)%	7,8 (8,0)%

Kvartalsvis fordeling av sjukefråvær på einingsnivå

Omsorgseininga(ne) er ikkje lengre delt, og eininga for sosialtenesta er no fordelt på Helsetenester og eininga for familie, barn og integrering (tidlegare TBU). Dette medfører at ein berre delvis kan samanlikne tala einingsvis frå 2016 til 2017. Sjukefråværet varierer imidlertid frå eining til eining, og vil og kunne variere innad i den einskilde eining.

Kommunestyret vedtok hausten 2017 at det var viktig at ein sette i gong eit heilskapleg arbeid for å auke nærværet og redusere sjukefråværet i kommunen. I første omgang skulle ein prioritere eininga omsorg der sjukefråværet var høgt, med mange tilsette og at gevinstane ved eit vellukka arbeid ville vere store. Arbeidet skulle settast i gang gjennom ein pilot knytt til 10-FAKTOR.

Det vart og lagt føringar for at følgjande tiltak skulle settast i verk:

- Leiaropplæring og kontinuerlig fokus på leiarstøtte
- Kvalitetsheving av sjukeoppfølgingsprosessen
- Prosjekt for å bygge ein heiltidskultur i Haram kommune

Arbeidet innanfor omsorgseininga vart starta oppi slutten av året med mellom anna gjennomføring av 10-FAKTOR medarbeidarundersøking.

Det er føresett at kommunestyret skal ha rapport på oppfølging av prosjektet kvar tertial framover.

4. Folkehelsearbeid 2017

Haram kommune har også i 2017 hatt folkehelsekoordinator tilsett i 50 % stilling. Stillinga er plassert i eining for Helsetenester. Kommunestyret vedtok strategi for folkehelsearbeidet i kommunen i juni 2017, ein strategi som i hovudsak er ei vidareføring av tidlegare startegi innanfor området.

4.1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet

Haram kommune har i lang tid jobba systematisk med å utvikle ei arbeidsform som sikra at barn og unge får tidleg, rett og koordinert hjelp. Overordna mål for denne satsinga er å sikre ein god oppvekst samt for at dei som 18-åringar kan vere under utdanning eller i arbeid.

Dei aller fleste borna går i barnehage, og dette er ein god arena for helsefremmande og førebyggjande arbeid. I barnehagetenesta har ein i 2017/18 eit spesielt fokus på kompetanseheving på psykososialt arbeid. Barn si trygghet er dei vaksne sitt ansvar, og tema som voksenrolle, relasjon, språk, lek, observasjon, fleirkulturell forståing er nokre tema som vert fokuset på i arbeidet i barnehagane i Haram Kommune.

Tilsette i tiltakstenesta for born og unge har heva kompetansen i psykologisk førstehjelp, og det er planlagt å gjennomføre eit gratis kurs til foreldre med born i barne- og ungdomsskule.

4.2 Helsevennleg arbeidsliv

Haram kommune har som arbeidsplass i 2017 satt i gang ein prosess for å jobbe med nærvær til eigen arbeidsplass samt få ned sjukefråværet. Kommunen vil jobbe med "10-faktor" som både er medarbeidar- og leiingssorientert.

Skuleprogrammet VIP er eit tiltak retta mot elevar som går i Vg1 i vidaregåande skule. Hovudmålet med programmet er å gjere elevane betre rusta til å ta vare på si eiga psykiske helse og bli oppmerksame på kvar ein sjølv kan søke hjelp. Haram kommune samarbeider med VIP via leiinga ved Haram vidaregåande skule og dei aktuelle kontaktlærarane til Vg1. Haram Kommune starta med VIP 2006 og tilbodet har eksistert sidan den gong. Det er eit godt helsefremmande og førebyggjande tiltak for våre ungdommar.

4.3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Kommunen er i ferd med å starte opp tilbod om kvardagsrehabilitering for brukarar som bor i eigen bustad og er motiverte til å trene på ferdigheiter som gjer at dei kan vere mest mogleg sjølvhjelpen i sitt liv. Forarbeidet med prosjektplan vart avslutta i 2017 og ein har fått på plass ei tverrfagleg gruppe som skal jobbe vidare med tilbodet.

Det å ha ein plass å treffe andre, vere sosial og få delta på ulike aktivitetar er viktig for både trivsel, mestring og å oppleve fellesskap. Dagsenteret på Eidet omsorgssenter (Kulturen) har samarbeid med barnehage og ungdomsskule der dei eldre får vere i aktivitet saman med barn og ungdom. Dette er noko som både yngre og eldre har stor glede av.

Alle dagsenter har tilbod til heimebuande personar som har demens og kommunen har eit eige demensteam. Slike tilbod kan bidra til at mange personar med demens blir buande heime lengre.

4.4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Arbeidet med å sikre gang- og sykkelveg til Tennfjord skule er i gong. Dette er eit ledd i trafikktryggingssplanen til Haram Kommune 2015-2018/22. For å sikre at vegane er egna for eldre og menneske med funksjonshemming vil ein jobbe for asfaltdekke på alle gang- og sykkelveggar.

På Lepsøya har det blitt laga til ein flott eventyrskog. Den blei opna juni 2016, og har vore eit populært område å besøke både av lokale og tilreisande. Eventyrskogen er laget på dugnad av folk på Lepsøya. Skogen er i utvikling, og det kjem stadig nye ting å oppleve. Dette er ei flott oppleving og eit godt folkehelsearbeid som har vore initiert av lokale eldsjeler.

4.5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Haram Kommune har eit allsidig utval av frivillige lag og organisasjonar. IL Ravn si trimgruppe inviterte med seg ein flott gjeng med flyktningar til å bygge bruer på turstiar. Friluftsliv er ein av fleire gode arenaer for inkludering i lokalt dugnadsarbeid.

StikkUT! har også i 2017 vore ein stor suksess. Frivillige har stått for merking av turmål og det har vore ei auke i antal registrerte turar i Haram Kommune.



Haram Kommune gjev årleg ut kulturpris og ungdommens kulturpris. Føremålet med prisane er å hjelpe fram kulturarbeidet i Haram kommune. Prisane kan bli delt ut innan heile kulturområdet. Vinnaren av årets kulturpris var Borgny Helland for enorm innsats for kulturen og kulturminne, herunder historieformidling og artikkelforfattar. Vinnaren av ungdommens kulturpris var Ane Flem som er eit engasjert talent i teater og song. Ho er ein sentral person i barnegruppa og juniorgruppa til UL Fram.

4.6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Det å skulle systematisk forankre folkehelsearbeid på ulike nivå i kommunen, krev eit godt samarbeid. Arbeidet med revidering av arealdel i kommuneplan er i gong, og dette har vore ein prosess med medverknad frå innbyggjarar og ulike lag og foreiningar.

Det blei arrangert idédugnad med tema utvikling av eksisterande nærings- og industriområde der målet er at Haram Kommune skal kunne tilby attraktive og funksjonelle næringsområde, med effektiv infrastruktur.

På oppdrag frå miljødirektoratet er det etablert ei arbeidsgruppe saman med Friluftsrådet og frivillige ressurspersonar der ein kartlegg og verdsett friluftareal i kommunen. Dette er eit viktig virkemiddel for å identifisere, utvikle og ivareta areal for friluftsliv.

Kommunen jobba saman med innbyggjarane om framtidig oppvekststruktur der kommunen i forkant av politisk behandling inviterte til ope temamøte til alle interesserte.

4.7 Velferdsteknologi – Roboten Pepper



Kommunen har fått ein tilleggsressurs i roboten Pepper. Som første omsorgssenter på Sunnmøre har Eidet omsorgssenter testa ein sosial robot i eldreomsorga. Pepper kan mellom anna dra i gong trim og underhalde bebuarar.

Det å ta i bruk velferdsteknologi i helse og omsorg er både utfordrande, spennande og nytt. Kommunen jobbar på fleire arenaer for å møte dei komande utfordringar med fleire eldre i befolkninga, samtidig som ein er open for andre måtar å jobbe på enn det ein gjer i dag. Kommunen er i gong med ein opplæringsmodul i velferdsteknologi med målsetting om kompetanseheving hos tilsette.

5. Eidet omsorgssenter

Eidet omsorgssenter stod ferdig til innflytting april 2017 og det gav Haram eit nytt omsorgstilbod med bustadar med heildøgns bemanning.

Omstilling av måtar å arbeide på, samt overføring av personell frå ein arbeidsstad til ein ny arbeidsstad har vore arbeidskrevjande. Vi har utfordringar om ikkje å falle tilbake i gamal organisering med institusjon og det arbeidast mykje med kultur og framtidens måtar og organisere omsorg, ei omstillinga som er nødvendig med tanke på å rigge ei berekraftig teneste også for framtida.

I ei overgangsfase har ein vald å «fase» ut institusjonsplassar som blei overført etter nedlegginga av Vatne sjukeheim og Haram kvileheim. I ein overgangsperiode er der difor pasientar med langtidsvedtak institusjon i bustadane på Eidet. Ei slik kombinert drift er utfordrande mellom anna for Kostra rapporteringa og for gevinstrealisering av driftsforma.

Sjølve flyttinga gjekk fint og var gjort på ein dag. Med stor innsats frå frivillige, pårørande og tilsette i Haram kommune blei dette ein suksess.

Personalressurs og drift:

Eidet omsorgssenter fekk overført personalressursar frå Haram kvileheim, Solbakken og Vatne sjukeheim. Omsorgseininga valde å ikkje opne opp 11 plassar i 4 etg. Då ein ikkje ville ha nok personell til å kunne drifte desse plassane. Der er heller ikkje behov slik situasjonen er no. Der er likevel knytt utfordringar til personalressurs på Eidet. I budsjettkommentarane varsla eininga at det var usikkerheit kring kostnadar knytt til omstilling og flytting og ein ser at Eidet brukar meir lønnsressurs enn det som var planlagt. Ein trudde ein kunne greie seg med 2 nattevakter på bygget, men det har vist seg å vere for lite. Ein har derfor 2 årsverk meir på natt enn først tenkt. I tillegg er bemanning på dag og kveld oppjustert då dei som bur her er svært pleietrengande og at det har vore nødvendig for å gje tilfredstillande helsehjelp.

Etter innflytting har der vore ein del utfordringar knytt til bygg. Spesielt knytt til mobiltelefoni og varslingsanlegg, varme, kulde, frys og kjølediskar og automatikk knytt til solskjerming. Der var også store utfordringar knytt til oppvaskmaskiner som ikkje var beregna til storhushaldning. Utfordringane som har vore, knytt til bygget, har blitt følgt opp med leverandøren og det meste er retta opp.

Eidet vart raskt eit omsorgssenter omliggande kommunar ville besøke. Og der har vore brukt ein del ressursar på å vise omsorgssenteret fram. Tekniske løysingar, romprogram med meir har vore av interesse. Der har vore besøk frå ca 10 kommunar. Dette er kommuner som held på å bygge nye omsorgssentre eller som skal bygge.

Kjøkken/ kafe på Eidet:

Kjøkkenet på Eidet er viktig for å få eit levande hus og ein ser at det det har vore en suksess og eit samlingspunkt for dei som bur i nærområdet. Det blir nytta av personar i alle aldrar.

Velferdsteknologi: Haram kommune er med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet og har også eit nært samarbeid med ALV Møre og Romsdal i arbeid med velferdsteknologi. Eining for omsorg har arbeid med å prøve ut ny teknologi mellom anna på Eidet omsorgssenter. I starten var der problem med GSM dekning noko som skapte uro kring utprøving av teknologi som er GSM avhengig. Disse problema er no løyst.

Å bruke teknologi som eit hjelpemiddel slik at eldre kan behalde fridommen sin lengst mogeleg har vore viktig. Haram er med i ulike pilotar vedkomande velferdsteknologi og det blir arbeidd mykje med velferdsteknologi for framtida sine løysingar.

6. Investeringar

Haram kommune har gjennomført investeringar i 2017 til ein kostnad på ca 83 millionar kroner, inkl. mva. Samla budsjett (revidert) var på ca. 122 millionar kroner. I budsjettsummen er det rekna med kompensasjon av meirverdiavgift.

Område	Rekneskap	Rev. budsjett	Kommentar
1100 RÅDMANN	-	3 000 000	Ikkje gjennomført strategiske grunnkjøp i 2017
1124 SEKSJON FOR IT	1 016 716	3 000 000	
1300 KYRKJELEG FELLESRÅD	1 228 255	1 000 000	Delvis finansiert av tidlegare unytta lånemidlar

Område		Rekneskap	Rev. budsjett	Kommentar
2115	TENNFJORD SKULE	16 406	7 000 000	Ny skule under utgreiing. Grunnkjøp som deler av kostnaden skal dekkje kjem i 2018.
3151	BUTILBUD PSYKIATRISK	129 813	-	Finansiering lagt inn på ansvar 5240
3320	EIDET OMSORGSSENTER - AVD 2 ETG (adm.)	33 621 403	-	Finansiering lagt inn på ansvar 3410
3336	HARAM KVILEHEIM	27 501	-	Finansiering lagt inn på 5240
3410	VATNE SJUKEHEIM	11 111 995	45 700 000	Gjeld Eidet omsorgssenter
5201	VATN	1 107 053	4 000 000	
5202	AVLAUP	3 136 677	9 000 000	
5204	VEG	9 425 041	23 300 000	Gang/sykkelvegar, samt bruk av ekstra tiltaksmidlar frå staten
5210	BYGGEFELT BRATTVÅG-OMRÅDET	56 917	-	
5211	BYGGEFELT VATNE-OMRÅDET	420 496	-	
5213	BYGGEFELT ØYANE	1 100	-	
5220	KOMMUNEHUS	881 846	1 000 000	
5230	UTLEIGE AV HUS M.M.	1 673 450	1 000 000	Delvis finansiert over ansvar 5240
5231	UTLEIGEAREAL NÆRING-KJØKKEN, BUTIKK M.M.	814 720	-	Finansiert over ansvar 5240
5240	VAKTMEISTRAR	13 631 718	21 815 000	
5243	ENERGIBESPARANDE TILTAK	769 862	-	Finansiert over ansvar 5240
5245	VEDLIKEHALDSTILSKOT - STAT	1 884 614	-	Bruk av ekstra tiltaksmidlar frå staten
5250	BRANNVERN	1 504 326	2 000 000	Restsum vert nytta i 2018
5316	KULTURHUS	554 750	600 000	
	TOTALT	83 014 658	122 415 000	

7. Styringskortet

BRUKARPERSPEKTIVET	
Hovudmål	Haram kommune leverer moderne og brukarretta tenester, i samspel med innbyggjarar / omgjevnader
Fokusområde 2017	Omstilling med sikte på betre utnytting av dei samla ressursane. Starte arbeidet med å byggje den framtidige tenestestrukturen.
Suksessfaktorar	<p>B1 Gode system for kommunikasjon og dialog der ein og tar sikte på at forventningane skal tilpassast moglegheitene.</p> <p>B2 Systematisk arbeid med prioriterte satsingsområde.</p>

Årsrapport 2017:

Prestasjonsmål 2017	Måleparameter
<p>B1</p> <p>a) Tenestedesign som metodikk for tenesteutvikling skal vere tatt i bruk på utvalde område</p> <p>b) Metodikk for kartlegging av Kvalitet (tenestelevering i forhold til forventingar) skal vere innført på utvalde tenesteområde</p> <p>c) Elektronisk kommunikasjon skal vere etablert på aktuelle område, og vere førstevalget i dialogen med innbyggjarane.</p>	<p>B1</p> <p>a) Når område for bruk av tenestedesign som metode er utvald og prøvd ut.</p> <p>b) Når område for kartlegging av kvalitet er vald ut og kartlegging er gjennomført.</p> <p>c) Beskrive tiltak, prosessar, status og utfordringar vidare</p>
<p>Tenestedesign:</p> <p>Det har ikkje vore arbeidd med tenestedesign i 2017</p>	
<p>Metodikk for kartlegging av kvalitet:</p> <p>Barnehageeininga har gjennomført Ståstadsanalyse og Foreldreundersøking ved dei barnehagane som ikkje gjorde det i 2016. Det vert arbeidd med resultatane av desse undersøkingane for å få enda betre kvalitet i tenestene opp mot brukar.</p>	
<p>Elektronisk kommunikasjon:</p> <p>På slutten av året fekk kommunen på plass KS SvarUt knytt til saksbehandlingsprogrammet. SvarUt er ei løysing der kommunen kan sende digital post på ein trygg måte fram til mottakaren si digitale postkasse. Dersom mottakaren ikkje åpner den digitale posten, eller ikkje har digital postkasse, går sendinga til utskrift, og vert sendt som ordinær post fram til mottakaren.</p> <p>Kommunen har tidlegare erstatta fleire av dei gamle papirskjemaene med digitale skjema. Dette arbeidet er vidareført i 2017. Ved bruk av digitale skjema kan skjemaet avleverast direkte til saksbehandlingssystemet.</p>	

<p>B2</p> <p>a) 4-årig handlingsprogram for utvalde satsingsområde skal vere ferdig utarbeidd</p> <p>b) Byggjeprojekt som kommunestyret har fatta vedtak om å utgreie skal vere utgreidd</p> <ol style="list-style-type: none"> i. Skule Eidet ii. Symjeanlegg iii. Omsorgsbustadar Longva iv. Søvik idrettshall <p>c) Ny brannordning skal vere ferdig utgreidd og vedtatt</p> <p>d) Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen skal følgjast opp i tråd med framdriftsplanen.</p>	<p>B2</p> <p>a) Når 4-årig handlingsprogram for utvalde satsingsområde er ferdig utarbeidd</p> <p>b) Når utgreiingsarbeid knytt til ulike byggjeprojekt er ferdig utarbeidd.</p> <p>c) Når ny brannordning er ferdig utgreidd og vedtatt.</p> <p>d) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare</p>
<p>4-årig handlingsprogram:</p> <p>Det har ikkje vore arbeidd med 4-årig handlingsprogram i 2017</p>	
<p>Byggjeprojekt:</p> <p>Arbeidet med ombygging av Haram Kvileheim frå 12 institusjonsrom til 6 utleiehusvære er godt i gang. Arbeidet har gått som planlagt og ligg innanfor ramma. Prosjektet omfattar også ombygging og tilpassing av base for heimebasert omsorg som flyttar lokasjon frå Austnes på Haramsøya til Longva. Norborg anleggutviklinga AS har satt ned ei arbeidsgruppe som arbeider med realisering av idrettshall/kulturhall i Søvik. Arbeidet skjer i samarbeid med kommunen.</p> <p>Utgreiingar i høve skule på Eidet og i høve symjeanlegg er oppstarta men vil fortsette ut over i 2018.</p>	
<p>Brannordning:</p> <p>Det har ikkje vore arbeidd med ny brannordning i 2017. Ein ser ikkje for seg behov for å utgreie ny eiga brannordning for Haram Kommune no rett før kommunesamanslåinga. Etablert brannordninga med kjøp av teneste frå Ålesund Brannvesen vil bli vidareført fram til ny felles brannordning er på plass.</p>	
<p>Arealdelen av kommuneplanen:</p> <p>Arbeidet med arealdelen i kommuneplanen er vidareført i 2017. Kartlegging og innsamling av informasjon og analysing av denne, t.d. tettstadsanalyse, demografianalyser, barnetråkkregistrering, hjorteregistrering på Eidet og liknande er utført. Det er avhalde møter med lokale og regionale næringslivsaktørar, t.d. bustadsutviklarar, landbruks- og oppdrettsorganisasjonar, for å kartlegge deira framtidige behov. Det er og avhalde møter med frivillige lag og organisasjonar for å kartlegge lokale friluftsområde.</p>	
<p>Andre ting innanfor brukarperspektivet som det vert rapportert om:</p>	
<p>Grunnskuletenester:</p> <p>Det er vedtatt bygging av ny skule på Eidet. Prosjektering vil starte våren 2018.</p>	

Barnehagetenester:

Ein har fått gjort nokre tiltak for å lukke avvik knytt til branntilsyn. Det er ikkje meir enn 2 private barnehagar som er godkjende i høve forskrift om miljøretta helsevern. Dette arbeidet fortsetter i 2018.

Ein har innfridd retten til barnehageplass i samsvar med lovverket, men alle som ynskja barnehageplass har ikkje fått tilbod der dei ynskja.

Familie, barn og integrering:

Frå 1.august vart også vaksenopplæringa lagt til eininga som opprinneleg heitte Tiltakstenester for barn og unge. Namnet på eininga vart derfor endra til Familie, barn & integrering. Helsestasjon, PPT og barnevern har kontor i kommunehuset, medan Ressursbasen (ulike tiltak ift barn & familie) og Integreringsavdelinga (flyktingteneste + vaksenopplæring) er lokalisert på gamle Haram sjukeheim i Brattvåg. Det er etablert fast møtestruktur mellom NAV og Integreringsavdelinga, noko som er viktig for å få flest mogleg i arbeid raskast råd.

Integreringsarbeid er krevjande, og føreset godt samspel mellom privat, offentleg og frivillig sektor. Haram kommune har tatt mot mange vaksne flyktingar dei siste åra, nokre av desse har barn. Haram har også mange arbeidsinnvandrarar og familiegjenforente. Ein ser at ein del av desse barna / ungdommane hadde hatt bruk for meir intensiv norskopplæring enn kommunen pr. i dag tilbyr. God norskopplæring og godt integreringsarbeid er ei viktig investering, og nødvendig for å ivareta den ressursen denne gruppa utgjør, ikkje minst i eit framtidsperspektiv med behov for arbeidskraft. I motsett fall kan risikoen for fråfall i skulen auke, med det dette kan innebere, både av menneskelege utfordringar og kostnader for samfunnet.

Helsetenester:

Ein har gjennom året opplevd auka behov for bustadar for personar med funksjonshemming som treng tilrettelagd bustad. Kommunen har plikt til å sørge for tilrettelagde bustadar til denne gruppa av innbyggjarar. Det er fleire personar som i dag ventar på bustad, og nokre har midlertidige løysingar som er lite tilfredsstillande. Ein ser at dei har ulike behov, og at kommunen har for få bustader både til personar med utviklingshemming og til personar med psykiske vanskar. Det er behov for å gjere ein kartlegging over det samla behovet i dag og det ein kan forvente over tid, og sjå på korleis dette bør løysast.

Omsorg:

Dagsenter for demens er eit satsingsområde med økonomisk tilskot frå helsedirektoratet. Kommunen har dagsenter for demens i Brattvåg, på Eidet og på Longva. Der er ulike aktiviteter knytt til dagsenter for demens, til dømes , bingo, frokostgruppe, middag, nyheter, song og trim.

Kommunen sitt demensteam fulgte opp 40 personar med demens og deira pårørande i 2017.

Kreftkoordinator fulgte opp 40-45 brukarar og deira pårørande i 2017. I tillegg er kreftkoordinatorane med i ulike prosjekt og gjennomfører undervisning og informasjon. Ein får 20 % lønsmidlar frå kreftforeninga.

Byggesak, landbruk og arealforvaltning:

Gjennom eKommune Sunnmøre vert det samarbeidd om felles kartinnsynsløysing for 7 kommunar. Giske kommune har seint i 2017 meld seg ut av dette samarbeidet.

ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmål	Haram kommune nyttar ressursane effektivt
Fokusområde 2017	Omstilling med sikte på betre utnytting av dei samla ressursane. Starte arbeidet med å byggje den framtidige tenestestrukturen.
Suksessfaktorar	Ø1 Vise evne og vilje til både kreativt samspel med omgivnadene og internt i organisasjonen. Ø2 Ha god oversikt over og styring på økonomiske ressursar Ø3 God forankring i politiske organ

Årsrapport 2017:

Prestasjonsmål 2017	Måleparameter
Ø1 Omstillingsplan vedtatt i formannskapssak 125/16 skal vere revidert og samkøyrte med utgreiingsarbeidet for ny heilskapleg tenestestruktur. Her under førebu gjennomføring av strukturendringar.	Ø1 Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.
<p>Oppfølging av omstillingsplanen: For å sikre god utnytting av dei samla ressursane i grunnskulen i Haram, samt legge til rette for eit framtidsretta skulemiljø, vedtok Kommunestyret 23.10.2014 å starte ein prosess for å sjå på endringar i skuledrift og skulestruktur.</p> <p>Kommunestyret gjorde 14.12.2017 samrøystes vedtak om å behalde 3 ungdomsskulekrinsar i Haram.</p> <p>Sak om samlokalisering av barnehagar og barneskular på Nordøyane skal handsamast i kommunestyret seinast juni 2018.</p>	
Ø2 a) Omstilling av drifta til meir effektiv bruk av ressursar. Jfr. KOSTRA-gjennomgang b) Økonomireglement og finansreglement skal vere ferdig revidert og vedtatt.	Ø2 a) Beskrive tiltak, prosessar, status og utfordringar vidare b) Når økonomireglement og finansreglement er ferdig revidert og vedtatt.
<p>Omstilling av drifta: Grunnskuleeininga er godt i gong med å endre ressursbruken frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Det vert lagt inn ekstra ressursar til å styrke satsinga på 1.-4. trinn. Tilgang til digitale verkty er auka og dei tilsette blir skulerte i bruken av desse.</p> <p>01.01.17 gjekk omsorgseininga frå å vere delt i to distrikt til å bli eitt omsorgsdistrikt. Dette var ei planlagt omlegging, men ei stor endring. Administrativt gjekk ein frå å vere to einingsleiarar og ein rådgivar til å bli ein einingsleiar og ein rådgivar. Erfaringane kring dette er at det er stor</p>	

<p>arbeidsmengde og det er meir vanskeleg å vere nær drifta og avdelingsleiarane der. Det krev mykje «topp»leing for å få til god samhandling mellom dei ulike nivåa.</p>	
<p>Reglement: Arbeidet med revidering av økonomireglement og finansreglement vart ikkje gjennomført i 2017.</p>	
<p>Ø3</p> <p>Gjennomføre ein god prosess med tilstrekkeleg involvering politisk og administrativt ihht til oversendingsframlegget om politisk utval for å utgreie ein heilskapleg ny tenestestruktur tilpassa framtida sin tenesteleveranse til innbyggjarane</p>	<p>Ø3</p> <p>Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.</p>
<p>Gjennomføring av prosessen i det politiske utvalet: Einingsleiarane for barnehage- og grunnskuletenester har vore sakshandsamarar for det kommunalt nedsatte ad-hoc utvalet for ny og framtidsretta skulestruktur. Utvalet har vore på synfaringar, har drøfta skulestruktur med FAU, tillitsvalde og skuleleiarar. Det vart halde temamøte med workshops 23.10.2017 før ad-hoc utvalet laga ei endeleg innstilling til kommunestyret.</p> <p>Kommunestyret ba administrasjonen om ei utgreiing i høve ny barnehage i Tennfjord/Vatne området og ei utgreiing i høve samlokalisering av barnehage og skule på øyane. Dette vil i utgangspunktet krevje investeringar i første omgang, det vil ta ei tid før ein eventuelt vil sjå ein effektiviseringseffekt av dette.</p>	

ØKONOMIRAPPORT

<p>Status på rekneskapen i forhold til budsjett– Vurdering frå einingane og stab/støtte</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK: Avvik rekneskap/budsjett kr 306.665 (+6,78 %)</p> <p>Området har eit lite meirforbruk i 2017 i forhold til budsjettet. Meirforbruket er knytt til meirkostnadar til møtegodtgjersle og kostnadar knytt til valet.</p>
<p>ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE: Avvik rekneskap/budsjett kr 715.754 (-2,86 %)</p> <p><i>Området har eit mindreforbruk i 2017 i forhold til budsjettet. Ein har gjennom året hatt høgare inntekter knytt til fordelinga av kostnadar mellom stab/støtte og einingane. Dette gjeld spesielt i forhold til byggesaker/plansaker der ein tok i bruk ny modell for beregning av sjølvkost, og delvis også innanfor VAR-områda. Ein har og hatt større gebyrinntekter og refusjonar på andre område enn, rekna med i budsjettet. Dette gjeld ma. sjukelønsrefusjon og refusjon frå fylkeskommunen knytt til språkkurs ved Vard piping. Pensjonsutgiftene har og vore lågare enn rekna med. Innanfor næringsområdet har ein i 2017 hatt mindre refusjonar enn budsjettet.</i></p>
<p>ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM. Avvik rekneskap/budsjett kr 110.564 (-1,67 %)</p> <p><i>Området har eit lite mindreforbruk i 2017 i forhold til budsjettet . Overføringane til fellesrådet følger budsjettet, men overføringane til andre religiøse formål er lågare enn budsjettet.</i></p>

ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 2.379.956 (+2,17 %)

Området har eit meirforbruk i 2017 i forhold til budsjettet . *Rektorane er flinke til å følgje sine budsjett. Budsjettsprekkane kjem stort sett på rettighetsbrukarar.*

Overskridingane skulle vore litt mindre enn det rekneskapen for 2017 syner. Vi forventar refusjon på særleg ressurskrevjande elev på kr 240.000, og i tillegg har ein ikkje gjennomført nokre interne føringar mellom einingane som kunne gitt eininga 3-400.000 i betre resultat.

I hovudtrekk skuldast overskridingane;

- *Ny refusjonsordning fosterheimselevar kr. 450.000*
- *Auke i skuleskyss kr. 230.000*
- *Omgjorte spes.ped-vedtak Fylkesmann kr. 350.000*
- *Auke logopedtenester kr. 140.000*
- *Forsterking elevar som har flytta til i løået av skuleåret kr. 360.000*

I tillegg har grunnskule oppretthalde MOT, samt gjennomført opplæring av alle skular og lærarar i Haram på dysleksivenleg skule, utan at kommunestyret løyvde økonomiske ressursar til dette.

ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 503 480,- (+0,68 %)

Området har eit meirforbruk i 2017 i forhold til budsjettet. Avviket skuldast noko overforbruk på eit par av dei kommunale barnehagane, tilskot til private barnehagar og store utgifter i høve tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne og spesialpedagogisk hjelp.

Barnehageeininga hadde ei budsjettjustering etter 2. tertial knytt til tilskot til dei private barnehagane, som har vore underbudsjettet over år.

ANSVARSGRUPPE 25 – FAMILIE, BARN OG INTEGRERING:

Avvik rekneskap/budsjett kr 2.667.912 (+5,98 %)

Området kjem ut med eit meirforbruk i 2017 i forhold til budsjettet. Det er store interne forskjellar på økonomireultat mellom dei ulike ansvara i eininga. Medan dei fleste tenestene i «gamle TBU» har god budsjettkontroll og tiltak som viser resultat, går fleire ansvar frå «gamle sosial» med betydelege underskot.

Den gode trenden frå 2016 held fram, og barnevernet har heller ikkje i 2017 ungdommar på institusjon. Ein må vere merksam på at dette er ein situasjon som raskt kan snu, men det er grunn til å tru at kommunen si satsing på tidleg intervensjon og samhandling frå 2007 er i ferd med å gi effekt. Resultatet vise ei innsparing i høve budsjett på årsbasis knapt 780.000. Det har ikkje lukkast å få tilsett helsesøster i alle stillingar i 2017, i tillegg til vakanse, og resultatet viser derfor ei innsparing her på om lag 1.250.000. Dette har ført til stort press på dei som er i arbeid, og ein jobbar stadig med rekruttering for å møte det store behovet, ikkje minst ift. førebygging og tidleg intervensjon innan psykisk helse.

Avlastningstenesta kjem ut med ei innsparing på om lag 700.000. Dette er eit resultat av sal av tenester til butenesta, samt inntekt gjennom ekstra tilskot frå IMDI og sal av tenester til andre. Det alvorlege avviket i rekneskapen ligg på ansvaret «andre avlastningstiltak» der rekneskapen viser eit overforbruk på heile 3.700.000. På dette ansvarsområdet ligg ulike kostnadskrevande tiltak til funksjonshemma, som td. BPA – som er ei rettighetsbasert teneste. Årsakene til overforbruket er fleire. Først og fremst ei for optimistisk budsjettering ift inntekt – ein rekna med å få 2 mill i

kompensasjon for særers ressurskrevjande brukarar, men har fått inn 200.000. Her er utviklinga at staten hever taket for å få slikt tilskot, samtidig som det er fleire som får rettar til tiltak – og desse ligg under grensa for tilskot frå helsedirektoratet. Konsekvens - ei større utgift for kommunen. Dette er ein trend som har auka sidan 2016. Det blir sett i verk konkrete tiltak for å overvake denne situasjonen, og kunne ha betre prognoser for utvikling ift budsjett på årsbasis.

I takt med auka arbeidsløyse i kommunen har utgiftene til økonomisk sosialhjelp stadig auka meir. Arbeidsløysa i Haram har vore blant dei høgste i fylket med ein topp opp mot 5%. Utviklinga i 2017 har gjennom året vore positiv og ved årsskifte var den nede på om lag 3%. Sosialhjelpsutbetalingane for 2017 viser ein nedgang frå 2016 på om lag 300.000. Det er etablert forpliktande samarbeidsstruktur mellom integreringsavdelinga og NAV for å redusere sosialhjelpsutbetalingar til flyktningar. Elles fekk integreringsavdelinga ein del utgifter på slutten av året med auka mottak som ein ikkje fikk tatt høgde for i budsjettjusteringa. Samtidig fekk kommunen inn meir inntekter på sentralt ansvar.

Tiltak for betre budsjettkontroll

I budsjettkommentar for 2017 og tertialrapport 2.tertial 2017 var det varsla muleg overforbruk i nokre av tenestene i «gamle sosial». Dette har slått til. Det blir derfor sett i verk intensive tiltak for å sikre budsjettkontroll i 2018, med regelmessige møter med økonomiavdelinga og status framfor kvar tertialrapportering. Det blir også tatt ein gjennomgang av gjeldande rutiner for å sikre skjerpa kontroll med at utbetaling er i samsvar med vedtak. Nokre av tenestene er vanskeleg å budsjettere, då dei er knytt til rettar brukarar har, kombinert med at fleire og fleire har fått rettar.

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 549.087. (+1,05 %)

Området kjem ut med eit meirforbruk i 2017 i forhold til budsjettet. 2017 var eit uoversiktleg år for Helsetenester, med ein del usikre moment i det oppsette budsjettet, sidan det var første året med ny inndeling av einingane. Delar av den tidlegare sosialeininga kom inn i helseseeininga. I tillegg var det mykje som endra seg i forhold til to av tenestene, med variablar som ein ikkje kunne vite på førehand. Ein fekk auke i talet på brukarar som har behov for, og rett på, tenester som er ressurskrevjande. Dermed har det blitt auka utgifter til løn.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSTENESTER:

Avvik rekneskap/budsjett kr 6.753.488,- (+5,49 %)

Meirforbruket skuldast høgare kostnadar enn rekna med sett i forhold til antall heildøgns/institusjonsplassar og oppretthalding av tilbod som omsorgsløn, dagsenter, natteneste og matombringning. I tillegg kjem omstilling og innflytting i nytt omsorgssenter. Omstilling krev alltid auka ressursar i omstillingsfasen og det var ikkje tatt nok omsyn til dette i budsjettet for 2017.

I 2016 kom ei ny lov om ufrivillig deltid. Høgt sjukefråvær kombinert med mykje ufaglært arbeidskraft har no ført til at omsorg har fleire tilsette i faste stillingar utan formell kompetanse. Dette gir også budsjettutfordringar knytt til fastløn.

Omsorg slit med rekruttering av faglært personell. Dette gjeld både høgskuleutdanna personell, men også fagarbeidarar. Det medfører at det ved sjukdom blir brukt overtid og forskyvingar for å oppretthalde drifta. I periodar med lengre fråvær har det og vore naudsynt å bruke vikarbyrå i tillegg får å dekke opp fagkompetanse ved sjukefråvær. Kostnadane til dette har vore høgare enn rekna med i budsjettet.

Natteneste som server få personar på Haramsøya og Flemsøya/Skuløya i forhold til natteneste på fastlandet. Omsorg ser likevel at der er behov for ei slik teneste for at dei som bur på øyane skal kunne bu der når ei natteneste trengst. Kostnad 2 årsverk. Natteneste i HBO på Haramsøya blei eit nytt tilbod etter omlegginga i 2017.

Eininga har elles meirforbruk knytt til

- Innleige ekstrahjelp på grunn av krevande og utagerande pasientar med alvorleg sjukdom
- Kjøkkendrift
- Medisinar
- Ferjeutgifter Straum og forsikringar
- Sviktande brukarbetaling Haram omsorgssenter grunna ledig kapasitet lukka demensplassar.

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESAK, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Avvik rekneskap/budsjett kr 256.705. (6,04 % over budsjettet)

Einingsleiar sine kommentarar til resultatet:

Meirforbruket på kr. 256.000 er i hovudsak grunngjeve med svikt i gebyrinntektene og ein uventa auke i internkjøp frå Stab/støtte. Til saman utgjer gebyrsvikten og internkjøpet kr. 850.000 . Det meste av dette er indekt av vakansar og ein generell forsiktig bruk av varer og tenester som inngår i produksjonen.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Avvik rekneskap/budsjett kr 172.972 (0,86 %)

Rekneskapet for ETD syner at ein held seg om lag på ramma.

Tenestene for renovasjon, vatn, avlaup, slam og feiing har eit forbruk som er godt innafor budsjetterte ramme.

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Avvik rekneskap/budsjett kr 1.033.914. (-8,42 %)

Området kjem ut med eit stort mindreforbruk i 2017 i forhold til budsjettet . Mindreforbruket skuldast lågare pensjonsutgifter, lågare kostnader i kulturskulen enn rekna med, refusjonar frå fylkeskommunen, og at stillinga som dagleg leiar i frivilligsentralen i ein periode har stått ubesatt.

MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmål	Haram kommune har medarbeidarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling
Fokusområde 2017	Omstilling med sikte på betre utnytting av dei samla ressursane. Starte arbeidet med å byggje den framtidige tenestestrukturen.
Suksessfaktorar	M1 Godt omdøme i forhold til å kunne rekruttere og behalde arbeidstakarar. M2 Samkøyrte leining på tvers av ulike tenesteområde og nivå i organisasjonen. Medarbeidarar som har nødvendig kunnskap, ferdigheiter og

Årsrapport 2017:

Prestasjonsmål 2017	Måleparameter
M1 a) Arbeidsgjevarstrategi skal vere ferdig utarbeidd og vedtatt. b) Tiltaksplan for reduksjon av sjukefråvær skal vere vedtatt og iverksett	M1 a) Når arbeidsgjevarstrategi er ferdig utarbeidd og vedtatt. b) Når tiltaksplan for reduksjon av sjukefråvær er vedtatt og iverksett
Arbeidsgjevarstrategi: Det har ikkje vore utarbeidd og vedtatt arbeidsgjevarstrategi i 2017.	
Tiltaksplan sjukefråvær: Tiltaksplan for reduksjon av sjukefråværet vart utarbeidd og vedtatt av kommunestyret i september. Kommunestyret vedtok at ein først prioriterer eininga omsorg der sjukefråværet er høgt, det er mange tilsette og gevinstane ved eit vellukka arbeid vil være store. Arbeidet skulle settast i gang gjennom ein pilot knytt til 10-FAKTOR. Dette vart gjennomført i 2017. Kommunestyret stilte seg seg elles bak at følgande tiltak skulle settast i verk: · Leiaropplæring og kontinuerlig fokus på leiarstøtte · Kvalitetsheving av sjukeoppfølgingsprosessen · Prosjekt for å bygge ein heiltidskultur i Haram kommune	
M2 a) Fastsette, prioritere og konkretisere felles mål for heilskapleg leining og kommunisere desse ut i organisasjonen b) Kompetanseheve leiarar, mellomleiarar og tilsette på tverrgående oppgåver og aktivitetar, og felles mål og verdiar (heilskapskultur). Her under nødvendig kompetanse til å gjennomføre aktuelle omstillingar i drifta. a) Kompetanseplan, her under digitaliseringskompetanse, ferdig utarbeidd.	M2 a) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare. b) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare. c) Når kompetanseplan er ferdig utarbeidd

Felles mål for heilskapeleg leiing:

Det har ikkje vore arbeidd med felles mål for heilskapeleg leiing i 2017.

Heilskapskultur:

Grunnskuleeininga ser at god leiing er nøkkelen for omstilling og effektiv drift. Det blir difor fokusert mykje på læring i nettverk, samskaping og lagspel. På rektormøta som vi har ein gong i månaden har vi alltid læringsøkter. Vi arbeider i nettverksgrupper med case og utviklingsoppgåver for å kontinuerleg vidareutvikle satsingsområda våre.

Fokuset vårt er å utvikle ein kultur der vi går i same retning og har endringsvilje og tilpassingsevne mot eit samfunn i stadig endring. Kjerna i vårt oppdrag er opplæring. Profesjonsfelleskap og profesjonsutvikling blir difor nøkkelen til å skape eit godt utviklingsmiljø.

Omsorgseininga forsøker å lyse ut fulle faste stillingar når det blir ledig.

Vi vil mangle folk med kompetanse i framtida og fulle stillingar kan bidra til at ein er meir konkurransedyktig om ein skal få søkarar med kompetanse.

Heiltidskultursatsinga der alternative turnusordningar er eit verkemiddel.

Eininga har nordsjøturnuser, langvakter på helg og ordinær turnus med BAT som er «ynskjeturnus»

Kompetanseplan:

Utdanningsdirektoratet har laga ein digital kompetanseplan som grunnskuleeininga og dei andre kommunane innanfor e-kommunesamarbeidet har brukt.

Barnehageeininga har i 2017 utarbeida ein ny kompetanseplan knytt opp mot den nye rammeplanen for barnehagen.

Omsorg har følgande satsingsområde

- Velferdsteknologi, tenestedesign og digital kompetanse
- Kvardagsrehabilitering → prosjekt frå hausten 2017
- Brukarmedverknad
- Kvalitetsutvikling jmf fagsjukepleiarar og bruk av Compilo som internkontrollsystem.

Omsorg har fleire i utdanningsløp.

- Vi har ein sjukepleiar som er ferdig med ein master i klinisk og akutt sjukepleie og ei under utdanning.
- Demensomsorgens ABC, Psykisk helse i eldre år og velferdsteknologiens ABC
- Helsefagarbeidar som blei ferdige med læretida i 2017 der 2 bestå fagprøve.
- Praksiselevar
- Vi har to fagsjukepleiarar som har tatt vidareutdanning i legemiddelsamstemming

Omsorg hadde fleire interne/ eksterne kurs:

- Knytt til ulike emne i veilederen, en portal med mye interne opplæringsprogram.
- 195 tilsette hadde HLR kurs, hjerte og lungeredningskurs
- I forhold til arbeidsmiljø og arbeidsliv og helse, miljø og sikkerheit
- Dagsenter
- Demenskonferanse
- Omsorgskonferanse
- Samlingar for kreftkoordinatorar
- Samhandling og dialogkonferansar mellom 1ste og 2 linjetenesta
- Rådmannens internkontroll – samlingar i samarbeid med KS
- Leiarutviklingsamlingar
- Helsekonferansen i regi av helsedirektoratet.

Prosjekt:

- Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet
- Velferdsteknologi – Roboten Pepper - innovasjon og utvikling
- Kvardagrehabilitering
- Menn i helse – 5 menn i eit utdanningsløp
- Den multisjuka pasient – eit nasjonalt prosjekt.
- Den multisjuka pasient – eit nasjonalt prosjekt.

Andre ting innanfor medarbeidarperspektivet som det vert rapportert om:

Barnehagetenester:

Det er gjennomført utviklingssamtalar.

Ein er i ferd med å implementere bruk av WebSak Fokus som saksbehandlingssystem.

Omsorgstenester:

Omsorgseininga har 178 årsverk og gjennomførte i 2017 KS 10 faktor medarbeidarundersøking. Denne blei gjennomført med ein svarprosent på 94 %. Funna i medarbeidarundersøkinga var lik i alle avdelingane og i leiargruppa og det blir jobba med følgande faktorar:

- Meistringorientert leiing
- Meistringsklima
- Rolleklarheit
- Relevant kompetanseutvikling

Det arbeidast avdelingsvis med å involvere dei tilsette i forbetningsarbeidet.

Når det gjaldt indre motivasjon, oppgåvemotivert motivasjon og fleksibilitet blant tilsette scora omsorgseininga høgt.

Omsorgseininga har gjennomført helsesjekk av nattevakter. Rapporten viste at dei fleste tilsette hadde lite helseplager knytt til å arbeide natt i Haram Kommune.

Omsorg har stipendordning knytt til studentar som går bachelor sjukepleie som vel å ha bindingstid i Haram Kommune to år etter enda utdanning. Ordninga er ikkje godt kjend og vi arbeider med å gjere den betre kjend.

PROSESS OG FORNYING

Hovudmål	Haram kommune er i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga
Fokusområde 2017	Omstilling med sikte på betre utnytting av dei samla ressursane. Starte arbeidet med å byggje den framtidige tenestestrukturen.
Suksessfaktorar	P1 Kvar for seg eller saman med andre identifisere og oppdatere aktuelle tiltak/prosessar som sikrar kvalitet og samordning, samt reduserte kostnader på sikt. P2 Implementering av tenlege verktøy i organisasjonen.

Årsrapport 2017:

Prestasjonsmål 2017	Måleparameter
<p>P1</p> <p>a) Tenestestruktur tilpassa framtida sin tenesteleveranse ferdig utgreidd og vedtatt. Jfr. digitaliseringsstrategi og politisk vedtak om å sjå på tenestestrukturen.</p> <p>b) Tenester som kan utførast av private tilbydarar skal vere ferdig kartlagt og lagt fram sak på.</p> <p>c) Eventuelle konsekvensar av kommunereforma skal vere ferdig kartlagt og starta oppfølging av.</p> <p>d) Folkehelse, universell utforming samt barn og unge sine interesser skal vere gjennomgåande tema i all planlegging.</p> <p>e) Saman for barn og unge skal remobiliserast i nær tilknytning til misson possible:</p> <ol style="list-style-type: none"> i. Familieperspektiv ii. Arbeid knytt mot integrering iii. Barnehage skule iv. Psykisk helse 	<p>P1</p> <p>a) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.</p> <p>b) Når tenester som kan utførast av private tilbydarar er ferdig kartlagt og lagt fram sak på.</p> <p>c) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.</p> <p>d) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.</p> <p>e) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.</p>
<p>Tenestestruktur: Utgreiinga knytt til tenestestruktur vart avgrensa til å gjelde oppvekststruktur. Utgreiinga har så langt ikkje medført nye måtar å arbeide på.</p>	
<p>Tenester for private tilbydarar: Det har ikkje vore gjennomført kartlegging av tenester som kan utførast av private tilbydarar i 2017.</p>	
<p>Kommunereforma: Det vart etter kvart klart at Haram kommune ville bli tvangssamanslått med dei andre kommunane i nye Ålesund. Kommunen har etter dette deltatt aktivt i dei ulike prosjektgruppene som har vore nedsett. Dei fleste tenestekområda står imidlertid att, og ein må vere budd på å bruke mykje ressursar i arbeidet med danninga av den nye kommunen fram til kommunesamanslåinga.</p>	

Folkehelse mv.:

Folkehelse, universell utforming samt barn og unge sine interesser skal vere gjennomgåande tema i all planlegging. Ein har i 2017 prøvd å involvere ungdomsrådet meir enn tidlegare, ma. knytt til arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Skulen merkar godt at mange born og unge er mindre fysisk aktive no enn tidlegare. Den største utfordringa for skuleverket i høve folkehelse er likevel elevane si psykiske helse. Her har vi merka ei stor auke siste åra, ikkje minst på ungdomstrinnet.

Remobilisering av Saman for barn og unge:

Arbeidet i Saman for barn og unge har gått som vanleg, med samarbeid på tvers ved behov og gjennom faste satsingar.. Den planlagde samlinga med mellomleiarane for å revitalisere satsinga var planlagt til haust 2017. Samlinga måtte imidlertid gå ut av kapasitetsmessige årsaker, og blei utsett til tidleg i 2018

P2

- a) Handlingsplan for oppfølging av digitaliseringsstrategien skal vere ferdig utarbeidd og vedtatt.
- b) Frigjere ressursar gjennom å ta i bruk nye verktøy.

P2

- a) Når handlingsplan for oppfølging av digitaliseringsstrategien er ferdig utarbeidd og vedtatt.
- b) Beskrive aktivitetar, utvikling, status/resultat og utfordring vidare.

Digitaliseringsstrategien:

Det er nedsett ei eiga delprosjektgruppe knytt til IKT og digitalisering i arbeidet med danninga av nye Ålesund. Oppfølging av digitaliseringsarbeidet vil skje gjennom arbeidet der.

Frigjere ressursar:

Haram kommune er med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Dette arbeidet er nødvendig for å gjere eininga i stand til å møte framtidens utfordringar knytt til personell, økonomi og nye arbeidsmåtar

Andre ting innanfor perspektivet for prosess og fornying som det vert rapportert om:**Grunnskuletenester:**

Mange av skulane har hatt store vanskar med å komme seg på nett. Siste åra har talet på acespunkt auka, så dette har ført til ei viss betring. Hovudproblemet no er at skulane ikkje har nok pc-ar og eleven får ofte ein ny pc der påkoblinga tar veldig lang tid. Dette vil bli vesentleg betre frå vår 2018 når ungdomstrinnet og nokre klasser på barnetrinnet får 1:1 pc.

Kvaliteten på pc-ane har vore eit anna problem. Skulane har til ei kvar tid pc-ar ute til vedlikehald og reparasjon.

Barnehagetenester:

Ein er i gang med eit arbeid for å frigjere ressursar gjennom implementering av nytt sakssystem og gjennomgang av arkivplan for barnehageeininga.

Helsetenester:

Over ein periode på tre år har kommunen hatt eit ROP-prosjekt, der ein har hatt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet som vert utdelt gjennom Fylkesmannen. Prosjektet skal slutførast i 2018, og 2017 var siste året med prosjektmidlar. ROP er forkorting for samtidig rus- og psykisk lidning. I prosjektet har ein arbeidd med å utvikle samarbeidet rundt desse brukarane, og gjennom dette arbeidet også utvikle samarbeidet mellom psykiatritenesta og rustenesta. Det er planlagt ei orientering til kommunestyret i 2018 om dette arbeidet.

Kommunen har dette året deltatt i eit pilotprosjekt for kvalitetsarbeid om internkontroll innan ROP-arbeidet i kommunen. Dette nettverket har hatt tre samlingar i Oslo i løpet av året, og siste samlinga i

2018. Ein har opplevd det som svært nyttig å delta i dette nettverket parallellt med ROP-prosjektet. I tillegg til tilsette innan psykiatri og rus, einingsleiarane for omsorg og helsetenester, var også leiar i kontrollutvalet og rådmannen med på to av samlingane. I dette arbeidet har ein fått god støtte til kvalitetsarbeidet i einingane.

«Barn som pårørende»

Med ein psykiatrisk sjukepleiar som prosjektleiar har ei gruppe på tvers av tenester; psykiatri, rus, omsorg, resursbasen og nav hatt eit Del-Ta prosjekt kalla «barn som pårørende». Her har det blitt sett fokus på at mange av brukarane /pasientane har barn og at desse må ivaretakast. Dette er eit utviklingsarbeid for å gjere alle i hjelpeapparatet merksame på ansvaret dei har for å etterspørre om det er barn i familien, og påsjå at dei vert ivaretatt. T.d. med informasjon som dei kan forstå. Prosjektmidlar gjorde det mulig å halde fagdagar som har gitt kompetanseheving. Det har blitt innført nye rutinar i tenestene, og eit «påminningshus» har blitt laga for å sikre at dei aktuelle fagpersonane i systemet huskar å spørje. Ein har designa eit lite hus i papp med raudt tak, som står rundt omkring på skriveborda, med teksten ;barn som er pårørende?

Omsorgstenester:

Omsorg bruker Årshjul modulen i Compilo for å systematisere og samordne aktivitetar både på overordna leiarnivå og for å systematisere avdelingsvise aktivitetar.

Når det gjeld handtering av avvik bruker kommunen kvalitetssystemet Compilo.

Avvik er viktig for å arbeide med kvalitetsforbetring. Å ha ein god avvikskultur gjer det muleg å arbeide systematisk med forbetningsarbeid. Omsorg arbeider kontinuerleg med avviksmeldingar og avvikshandtering. Å bli kjent med avvik og iverksetting av nødvendige tiltak er viktig for å hindre nye feil. Dette er svært viktig når ein arbeid med kvalitet.

Kvardagsrehabilitering er eit prosjekt som skal gjere det mogleg å utsette behov for heildøgstenester. Ein ny måte å arbeide og tenke på i omsorgseininga.

Styrking av tildelingskontor for å kvalitetssikre at vedtak og tenester blir gitt ut fra gjeldande lovverk og sjå til at kriteriar for tildeling av teneste er lik.

Byggesak, landbruk og arealforvaltning:

Haram har saman med nabokommunar i 2017 gjennomført eit forprosjekt for utarbeiding av Marine grunnkart for Nordre Sunnmøre. Marine grunnkart er ei statleg satsing på næringsutvikling i kystkommunar, og er eit fellesprosjekt mellom stat, fylke og kommune. Runde Miljøseniter utfører det praktiske arbeidet, og jobber tett opp mot sentrale myndigheiter. Det er håp om å kome med som eit av tre pilotprosjekt for utarbeiding av Marine grunnkart i Norge.


1 DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen for 2017 viser eit rekneskapsmessig resultat på pluss kr. 21 313 400. Sjø elles under pkt. 1.5.

1.1 Driftsutgifter og – inntekter

1.1.1 Driftsinntekter

Driftsinntektene i 2017 utgjer 675,3 millionar kroner, og fordeler seg slik:



Omlag tre firedelar av driftsinntektene til kommunen kjem frå skatt og rammetilskot, vel 73%. Inntekter frå brukarane av kommunen sine tenester står for til saman 12%. Refusjonar eller tilskot der det vert stilt krav til motyting frå kommunen si side er kalla overføringsinntekter. Dette gjeld t.d. dei fleste øyremerka tilskot.

Skatteinntektene for 2017 var om lag 237,2 millionar, medan det var budsjettert med 255 millionar. Skatteinntektene var såleis ein del under budsjettert, men utjamning kompenserte for dette og endå litt.


Ordinært rammetilskot utgjorde i 2017 om lag 257,7 millionar kroner; 26,9 millionar høgare enn budsjettert. Auken i rammetilskot skuldast at det gjennom ordninga med løypande inntektsutjamning vert rammetilskotet justert i høve til skatteinntektene. Det kan sjå ut til at skatteinntektene no har stabilisert seg på eit noko lågare nivå enn tidlegare, ein god del i underkant av landsnittet. Utviklinga på landsbasis var betre enn anslaga i både startsbudsjettet og revidert, og slik leis gav ekstra inntektsutjamning til Haram.

Sett under eitt er driftsinntektene 30,3 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak positivt avvik i overføringar med krav til motyting på om lag 28 millionar kroner.

1.1.2 Driftsutgifter

Kommunen hadde i 2017 driftsutgifter på 678,8 millionar kroner. Utgiftene fordelt på art er vist i figuren nedanfor:

Driftsutgifter



Løn og sosiale utgifter er den største driftsutgifta til kommunen, og utgjør vel 64 %. Desse utgiftene kom på 444,5 millionar kroner, og er 12,8 millionar over det som var budsjettert. Isolert sett ligg lønsutgiftene endå meir over det budsjetterte, men sosiale utgifter er vesentlig lågare enn budsjettert.

Innsatsfaktorar gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen. Det som i figuren er kalla kjøp av tenester gjeld kjøp av tenester som erstattar eigen produksjon. Overføringar gjeld ytingar kommunen ikkje krev motyting for, t.d. ulike driftstilskot, sosialhjelp, m.m. Avskrivningar er eit uttrykk for kostnader knytt til at kapital er bunden opp i bygningar, vegar, tekniske anlegg o.l.

Dei totale driftsutgiftene er 30,3 millionar høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak auka lønsutgifter, auka innsatsfaktorar, auka overføringar til andre/private og auka avskrivningar.

1.2 Brutto driftsresultat

Rekneskapan viser eit negativt brutto driftsresultat på 3,4 millionar kroner. Ettersom ein i 2017 budsjetterte med eit positivt brutto driftsresultat på 5,3 millionar, blei altså brutto driftsresultat knappe 8,7 millionar dårligare enn budsjettert. Kommunen har først no hatt negativt brutto driftsresultat, etter mange år med positivt brutto driftsresultat.

Brutto driftsresultat skal dekkje netto finansutgifter og eventuelle avsetjingar. Over tid må såleis brutto driftsresultat vere positivt og minst like stort som netto finansutgifter.

1.3 Finansutgifter og – inntekter

Renter: Renteutgiftene vart i 2017 på 21,4 millionar kroner, om lag 5 million lågare enn budsjettet. Renteinntektene vart 11,4 millionar kroner. Dette er 9,4 millionar kroner meir enn budsjettet. Når ein ser vekk frå avkastninga på plasserte langsiktige midlar hadde kommunen netto renteutgifter på 10 millionar kroner, 14,4 millionar betre enn budsjettet.

Avkastning: Avkastninga på investeringsfondet vart i 2017 på omlag 25,1 millionar kroner. Det var budsjettet med avkastning på 16 millionar kroner.

Avdrag: Kommunen betalte 27,5 millionar kroner i ordinære avdrag på sine lån (ekskl. startlån) i 2017, som budsjettet. Ekstraordinære avdrag andre utlån på 2,15 millionar er ført i investeringsrekneskapen. Det same gjeld avdrag på startlån med 1,8 millionar kroner. Det er og avsett bunde avdragsfond for startlån på om lag 4,6 millionar.

Utlån: I driftsrekneskapen finn ein berre transaksjonar som gjeld utlån av eigne midlar og sosiallån. Formidlingslån/Startlån/Andre utlån vert rekneskapsført i investeringsrekneskapen. Rentene ligg i driftsrekneskapen.

Finansresultat: Rekneskapen viser eit negativt finansresultat på 12,3 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt finansresultat på 35,9 millionar.

1.4 Netto driftsresultat

Rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på knappe 13 millionar kroner, medan det var budsjettet med eit negativt resultat på omlag 9,8 millionar kroner.

Netto driftsresultat viser kommunen sin evne til å fram skaffe midlar gjennom drifta til finansiering av investeringar eller andre kapitalformål.

For 2017 utgjer netto driftsresultat knappe 1,92% av brutto inntekter. Dersom kommunen sin formue skal oppretthaldast, bør netto driftsresultat vere om lag 1,75% av brutto inntekter over tid.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane.

1.5 Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Rekneskapen for 2017 er oppgjort med eit rekneskapsmessig overskot på kr. 21 313 4000 etter alle avsetningar.

1.6 Prioritering – utgifter pr. føremål


Hittil i analysen er det sett på korleis kommunen sine inntekter fordeler seg på ulike inntektskjelder, og kva type utgifter desse inntektene vert brukt til. Det er også interessant å vite kva føremål inntektene vert brukt til.

Skatt, rammetilskot og andre generelle statstilskot kan kommunen disponere som den sjølv ønskje. Desse inntektene vert difor gjerne kalla frie disponible inntekter. Desse inntektene må dekkje netto finansutgifter, og den del av utgiftene til drift som ikkje vert dekkja gjennom øyremerka tilskot. Korleis dei frie inntektene blir disponert viser seg gjennom korleis netto utgifter til drift fordeler seg på ulike føremål, og dette seier noko om kommunen sine prioriteringar.

1.6.1 Netto utgifter

Budsjettet for 2017 vart i kommunestyret vedteke med nettoløyvingar til 11 ansvarsområde/einingar. Figuren nedanfor viser korleis netto utgifter til drift fordeler seg på desse ansvarsområda.

Prioritering - netto utgifter til drift pr. eining




23% av midlane som vert brukt til drift av dei kommunale tenestene går til drift av grunnskulane. Pleie og omsorgsområdet er nest størst og står for drift av eldreinstitusjonar og heimebasert omsorg. 27% av nettoutgiftene står dette området for. Barnehagetenester som omfattar drift av dei kommunale barnehagane og tilskot til dei private, står for 15% av kommunens netto utgifter. Sosialtenestene, som omfattar sosialkontor, butenesta, avlastingsbustadar og avlastningstiltak, blei i 2016 oppdelt mellom

Helsetenester og Familie, barn og integrering (FBI). Helsetenestene, som også omfattar lege, fysioterapi, ergoterapi, tannhelse, psykiatri med meir står no for 11% av nettoutgiftene. Eininga stab/støtte/næring for 5% og Familie, barn og integrering (FBI), som også er barnevern, helsestasjon, jordmor og PPT, står også for 10% av nettoutgiftene. Eigedomshandling og teknisk drift står får 4% av nettoutgiftene, mens Byggesak, landbruk og areal som i hovudsak er eit sjølvkostområde, berre om lag 1%

1.6.2 Brutto utgifter

Brutto utgifter indikerer volum på og kostnader knytt til produksjon av dei kommunale tenestene. Kapitalkostnader er inkludert som avskrivningar. Samanlikna med netto utgifter er fordelinga noko ulik. Dette skuldast at tenesteområda er ulike med omsyn til høve til å ta betaling frå brukarane, og med omsyn til kor vidt staten eller andre gjev direkte tilskot til drifta.

Brutto utgifter pr. eining



1.7 Budsjettavvik

Tabellen nedanfor viser avvik mellom rekneskap og budsjett i netto utgifter. Negativt forteikn tyder at faktisk forbruk er mindre enn budsjettet. Sjå elles kommentarar under – Økonomirapport – tidlegare i årsmeldinga.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik (R-B)	Avvik i %
10 Politisk	4 828 665	4 522 000	306 665	6,78 %
11 Stab/støtte m.m.	24 301 246	25 017 000	-715 754	-2,86 %
13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd	6 524 436	6 635 000	-110 564	-1,67 %
21 Grunnskuletenester	111 941 956	109 562 000	2 379 956	2,17 %
23 Barnehagetenester	74 091 480	73 588 000	503 480	0,68 %
25 Familie, barn og integrering	47 260 912	44 593 000	2 667 912	5,98 %
31 Helsetenester	52 946 087	52 397 000	549 087	1,05 %
33 Omsorgstenester	129 851 488	123 098 000	6 753 488	5,49 %
51 Byggesak, landbruk og areal	4 508 705	4 252 000	256 705	6,04 %
52 Eigedom og teknisk drift	20 354 972	20 182 000	172 972	0,86 %
53 Kultur, fritid og miljø	11 249 086	12 283 000	-1 033 914	-8,42 %
SUM	487 859 032	476 129 000	11 730 032	2,46 %

INVESTERINGSREKNESKAP OG BALANSE

2.1 Investeringar i anleggsmidler

Kommunen hadde i 2017 brutto investeringar på om lag 105,9 millionar kroner, mot 132,7 millionar i 2016. Størstedelen er knytt til den nye omsorgsarenaen på Eidet, men elles kan ein nemne rehabilitering av skuler og sjukeheim, brannvern, industriområde, kommunehus, it-investeringar i administrasjon, tilskot anlegg Fellesrådet, Enøk tiltak, samt diverse anlegg på veg og avlaup. Sjå eigen note i rekneskapet.

2.2 Andre utgifter i investeringsrekneskapen

Investeringar knytt til pliktig eigenkapitalinnskot i KLP er på kr 1 900 914, ny aksjekapital i Haram Bygdebok AS på kr 300 000 og kr 286 600 i The North West AS

2.2.1 Formidlingslån og andre utlån

I 2017 betalte kommunen ut 25,9 millionar kroner i nye startlån. Dette blei finansiert gjennom nytt låneopptak, samt restlånemidler frå tidlegare år. Alle transaksjonar som gjeld vidareutlån av midlar frå Husbanken blir ført i investeringsrekneskapen, men rentene i samband med slike lån førast i driftsrekneskapen. Det blei utlånt 1,8 mill. til Lepsøy IL og 1,5 mill. til Haram Industrier

2.3 Likviditet

2.3.1 Arbeidskapital

Frå 2016 til 2017 vart arbeidskapitalen redusert med 10,7 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak ein tydelig reduksjon i ubrukte lånemidler.

Arbeidskapital er definert som omløpsmidlar fråtrekt kortsiktig gjeld, og kan sjåast på som eit uttrykk for handlingsrom. Ein stor del av kommunen sine omløpsmidlar består av aksjar og obligasjonar, og har avgrensa likviditet. Verdien på desse plasseringane varierer, og det er difor uheldig om kommunen må realisere desse verdiane på ugunstige tidspunkt. For å seie meir om likviditeten bør ein difor også sjå på dei mest likvide omløpsmidlane, bankinnskot, i høve til kortsiktig gjeld.

2.4 Finansiering


Mesteparten av utgiftene er finansiert gjennom bruk av lånemidler på totalt 95,9 millionar kroner, 66,7 millionar eksklusiv startlån og andre utlån. Andre finansieringskjelder er blant anna statstilskot, salsinntekter og refusjonar.

2.5 Låneopptak i året og total gjeld ved utgangen av året


Det vart tatt opp 55 millionar kroner i nye lån. Av dette 20 millionar kroner i startlån i Husbanken.

Langsiktig gjeld ved utgangen av 2017 var kr. 978,2 mill. kroner, og er ein auke på 21,6 millionar i høve til 2016. Nettogjelda, gjeld eksklusiv vidareutlån, utgjer 880,8 millionar kroner. KOSTRA definert lånegjeld pr. innbyggjar (KOSTRA) på kr 94 473, mot kr 88 993 i 2016. Ein forventar at lånegjelda vil gå noko ned i 2018 når ein får tilbake siste investeringstilskot for det nye omsorgssenteret på Eidet.

Utvikling lånegjeld




Gj.sn. nedbetalingstid




Betalte nettoavdrag i 2017 utgjorde 29,65 millioner kroner, inkl. ekstraordinære avdrag på 2,15 millioner kroner på investeringer (avdrag startlån er halde utafør). Gjennomsnittlig nedbetalingstid for lånegjelda er på 31,1 år. Utviklinga i total gjeld, avdrag og nedbetalingstid er vist i figuren ovanfor.

Renteutgiftene i prosent av gjelda har minka noko i høve til i fjor. Dette skuldast i hovudsak lave renter i 2017 og nedgong i rente på sikringar. Ordinære avdrag i høve til gjeld utgjør kr. 27,5 millioner kroner for 2017. Med ekstraordinære avdrag utgjør betalte avdrag 2,9% av gjennomsnittleg gjeld for 2016, dvs. om lag som i fjor.

Renter og avdrag i % av gjennomsnittleg gjeld



Totalbilde Aktiva - Passiva



Når ein skal vurdere kommunens gjeldsbelastning og risiko, er det særst viktig å dele opp gjelda for å syne kva som er kva. Figuren over syner dette og gir eit meir nyansert bilete enn KOSTRA-tala.

Kommunen svarar sjølv for den vanlige gjelda, om lag 570 millionar kroner. Ein må også sjå dette saman med aktiva sida som for Haram kommune er på vel 435 millionar kroner (finansplasseringar, samt unytta lånemidlar plasserts om likviditet). Totalbilete syner difor ein lav renterisiko, her illustrert med den gule/raude boksen, om lag 135 millionar kroner av ei total gjeld på 1 047 mill. kroner.

Haram kommune hadde fram til 2011 ca. 20% rentesikring (150 millionar), gjennom ein renteswap som gjekk til 2016, denne vart forlenga til 2021. På grunn av gode rentevilkår ved inngangen på 2014 vart det i tillegg sikra ein større del, omlag 30% fordelt på 5 og 10 år.

3 ØKONOMISKE NØKKEL TAL

	R-2014	R-2015	R-2016	R-2017
Skattedekningsgrad	36 %	36 %	38 %	35 %
<i>(skatt / brutto driftsutg. eks. renter og avdrag)</i>				
Rammedekningsgrad	40 %	39 %	36 %	38 %
<i>(rammetilskot / brutto driftsutg)</i>				
Skatt & rammedekningsgrad	76 %	75 %	74 %	73 %
Lånefinansiering	81 %	81 %	79 %	100 %
<i>(bruk av lån nybygg & anlegg / bruttoinvest.)</i>				
Eigenfinansieringsevne	28 %	2 %	1 %	16 %
<i>(netto driftsresultat / bruttoinvesteringar)</i>				

Skattedekningsgraden er lavere enn for 2016. Rammdekninggraden er også redusert med 1% i høve til i fjor. Ordninga med løypande inntektsutjamning gjer at ein bør sjå utviklinga i dei frie inntektene samla. Sett under eit dekkjer skatt og ramme ein del mindre enn dei gjorde i 2016.

Lånefinansieringsgraden er på 100 prosent, ein del høgare enn i fjor. Eigenfinansieringsevna viser at kommunen har lite høve til å dekke investeringane utan lånemidlar da ein treng tilstrekkeleg buffer på driftssida. Det er også lite formålstenleg for ei kommune å ikkje lånefinansierte investeringar da det heilt klart er det mest økonomisk gunstige.

4 MIDLAR PLASSERT I AKSJAR, OBLIGASJONAR OG LIKVIDITETFOND

Ein vesentleg del av kommunen sine omløpsmidlar er plassert i aksjar, obligasjonar og likviditetsfond. Utviklinga på børsen påverkar verdien av denne porteføljen, og året 2017 gav positiv avkastning.

Plasseringa og avkastninga for 2017 går fram av tabellane nedanfor:

AKSJER OG OBLIGASJONER







	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2016	i året	2017	31.12.2017
Carnegie Aktiv Forvaltning	63 623 301		5 209 185	68 832 486
Spbmøre Aktiv Forvaltning	59 467 416		7 392 182	66 859 598
Forte Fondsforvaltning	56 587 431		5 481 679	62 069 110
Pareto Forvaltning ASA	86 105 251	-10 000 000	7 006 751	83 112 002
NMK - Plassering	14 455 000		0	14 455 000
SUM	280 238 399	-10 000 000	25 089 797	295 328 196

LIKVIDITETFOND

	Innestående	Uttak/innskudd	Bokført avkast.	Bokført verdi
	31.12.2016	i året	2017	31.12.2017
Pareto Likviditet	51 915 756	-40 000 000	425 975	12 341 731
Forte Likviditet	20 974 909		1 157 698	22 132 607
SUM	72 890 665	-40 000 000	1 583 673	34 474 338







5 SAMANLIKNING AV KOSTRA-TAL – Utvalte nøkkeltal, nivå 1 (Tala for 2017 er ureviderte tal pr. 15.03.18)


Finansielle nøkkeltal:



Prioritering:

- Kor mykje av kommunen sine eigne pengar kommunen "vel" å bruke til dei enkelte tenesteområda
- Pr. innbyggjar i målgruppa for den aktuelle tenesta, eller i prosent av samla netto driftsutgifter










Netto driftsutgifter : driftsutgiftene inkl. avskrivningar minus driftsinntektene (bl.a. øyremerka statstilskot og andre direkte inntekter)

Resten av utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter og rammeoverføringar frå staten.


Dekningsgrad:




Plassar i einerom i pleie- og omsorgsinstitusjonar




Innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon




Sosialhjelpsmottakarar (20-66 år) i forhold til innbyggjarane 20-66 år



Barn m/ barnevernstiltak i forhold til innbyggjarane 0-17 år



Kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjar




Produktivitet / einingskostnad:


- Korrigerede brutto driftsutgifter omfattar driftsutgiftene ved kommunen **sin eigen tenesteproduksjon inkl. MVA-utgift og avskrivningar minus dobbeltføringar i dei kommunale rekneskap som skuldast vidarefordeling av utgifter/internkjøp mv.**

- Pr. kommunal bruker eller produsert eining.


Korrigerede brutto driftsutg pr barn - kommunal barnehage




Korrigerede brutto driftsutg pr elev - grunnskule, lokale og skyss




Gjennomsnittleg gruppestorleik - ungdomsskolen




Korrigerede brutto driftsutg pr bruker - heimebasert omsorg






Korrigerede brutto driftsutg pr plass - kommunal institusjon



Årsgebyr - vassforsyning





Brutto driftsutgifter pr. kommunal bruker eller produsert eining blir nytta for fleire nøkkeltalsområde i staden for korrigerte brutto driftsutgifter for å vise produktivitet/einingskostnad. Dette blir gjort på område der kommunen i stor grad kjøper tenester i staden for å produsere dei sjølv.

* Manglande søyler (null) skuldast manglande innmeld statistisk materiale.

Kjelde: KOSTRA statistikk frå SSB (www.ssb.no)



HARAM

World-Class Team Builders

